

Handbok i nabospråkundervisning

Ove Eide og Torbjørg Breivik (red.)

HANDBOK I NABOSPRÅKUNDERVISNING

© 2015 Språkrådet
Grafisk utforming og trykk: Kursiv Media AS
Opplag: 500

ISBN 978-82-93424-02-4 (PDF-utgåve)
ISSN: 1891-4977

Språkrådets skrifter | nr. 4

Innhald

DEL EIN: GENERELT	5
Føreord v/redaktørane	7
Kunnskap om nabospråk – en investering i fremtiden	9
<i>Olemic Thommesen</i>	
Det nordiske – i politikk, planar og praksis	12
<i>Ove Eide</i>	
Det nordiske perspektivet i de nordiske læreplanene.....	26
<i>Bodil Aurstad</i>	
DEL TO: DEI NORDISKE SPRÅKA	37
Nabospråka - dansk og svensk	38
<i>Torbjørn Breivik</i>	
Andre språk i Norden	44
<i>Torbjørn Breivik</i>	
Nyttige ressursar i nabospråkundervisninga	52
<i>Torbjørn Breivik</i>	
DEL TRE: TEKSTSAMLING MED ARBEIDSOPPGÅVER	57
Svensk skjønnlitteratur	61
Dansk skjønnlitteratur	92
Dansk sakprosa	108
Svensk sakprosa	125
Færøysk skjønnlitteratur.....	139
Islandsk skjønnlitteratur	141
DEL FIRE: TO UNDERVISNINGSSOPPLEGG	153
Thomas Kingo (1634-1703): Sorgen og gleden (1681)	154
<i>Vidar Kristensen</i>	
Dei fyrste skal bli dei siste – forteljinga om arven etter Sigbjørn Obstfelder	158
<i>Tor Egil Furevikstrand</i>	

DEL EIN: GENERELT

Føreord

I 2010 gjennomførte Språkrådet ei spørjeundersøking blant norsklærarar i ungdomsskulen og i vidaregåande skule: «Norsklæreres holdningar til eget fag». Undersøkinga viste m.a. at norsklærarane ser på nabospråkundervisninga som mindre eller lite viktig, men også at dei manglar kompetanse på dette fagområdet.

Læreplanen i norsk har klare mål om undervisning i nordisk språk og litteratur, men mange, både elevar og lærarar, har nok opplevd at emnet kjem noko i bakgrunnen i eit fag som har stor emnetrengsel. Spørjeundersøkinga viste at litt over ein tredel av lærarane (35 %) meiner dei har god kompetanse til å undervise i nabospråka, mens 58 % oppgir at dei berre i noko grad har tilstrekkeleg kompetanse på dette området. Heile 7 % oppgir at dei ikkje har kompetanse på dette området.

Også i lærebøkene i norskfaget er det fagtrengsel. Bøkene skal dekke mange emne, både i teori og med tekstdøme. Dermed blir det ikkje plass til så mange tekstar av nordiske forfattarar.

Vi ser altså at både undervisningspraksis og lærarkompetanse står i tydeleg motsetnad til offisiell norsk språkpolitikk, slik denne kjem til uttrykk i *Stortingsmelding nr 35 (2007/2008) Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* og i den nordiske språkdeklarasjonen frå 2007.

Rapporten som oppsummerer resultatane frå spørjeundersøkinga finn du her:

<http://www.sprakradet.no/upload/Norskl%C3%A6reres%20holdninger%20til%20eget%20fag.pdf>

Fagråd for skule og offentleg forvaltning i Språkrådet, som hadde tatt initiativ til spørjeundersøkinga, følgde opp spørjeundersøkinga på fleire måtar, m.a. med konferansar og møte med ulike institusjonar og lærargrupper. Eitt av tiltaka var å få laga ei «Handbok i nabospråkundervisning», som kunne vere til praktisk hjelp i skulekvardagane.

Handboka er laga med feste i læreplanen i norsk og målgruppa er norsklærarar på ungdomssteget og i vidaregåande skule. Vi har lagt stor vekt på å få med eit breitt tekstutval med arbeidsoppgåver, ved sida av innføringar i dei nordiske språka. Boka har også med eit oversyn over nyttige ressursar i naboSpråkundervisninga og om det nordiske perspektivet i ulike læreplanverk.

Medlemmane i fagrådet har bidrege med utval og tekstar og utforming av arbeidesoppgåver: Vidar Kristensen (om Kingos «Sorgen og gleden»), Torill Tørjesen (TT) og Marianne Giske Korsnes (MK). Det same har Ingrid Metliaas, Skrivesenteret gjort (IM). Utvalet av dei andre tekstane og utforming av arbeidsutgåver til desse er ved Ove Eide.

Ei særleg takk til Tor-Egil Furevikstrand, Dale vidaregåande skule, som har skrive «Dei fyrste skal bli dei siste – forteljinga om arven etter Sigbjørn Obstfelder», bygt på eit undervisningsopplegg han har hatt i ei av klassene sine.

Sandane/Oslo august 2015

Ove Eide og Torbjørg Breivik

Kunnskap om nabospråk – en investering i fremtiden

Olemic Thommesen

At verden blir «mindre» dag for dag, er en allmenn erkjennelse i globaliseringens tidsalder. På få sekunder er nyheter spredt over hele verden, faglige nettverk er globale, industriproduksjon skjer der det er billigst, eller der kvaliteten er best, uansett lokalisering på kloden osv. Hvordan vi forholder oss til dette, er nok litt forskjellig avhengig av ståsted, men i det nasjonale bildet handler globaliseringen om hvordan vi som folk best mulig kan bruke de nye mulighetene en enhetlig verden gir. I de nordiske landene blir oppgaven å finne gode veier til fortsatt velferd slik at vi kan videreføre det vi ofte kaller den nordiske velferdsmodellen.

I våre daglige bestrebelser på å lykkes i dette er den stadig tiltagende konkurransen fra andre deler av verden følbar. Denne konkurransen gjør seg gjeldende på nær sagt alle samfunnsområder, det være seg innenfor økonomi, kultur eller kunnskap (forskning og innovasjon). Jeg mener det er viktig at vi offensivt søker vekst og fremgang i denne utviklingen. Isolasjon er ingen vei. Ingen har noen gang beskyttet seg til fremgang. Skal vi lykkes, må vi se de positive sidene og ta del i utviklingen med nysgjerrighet og innsatsvilje.

Dette påkaller mange forskjellige politiske grep. En viktig mulighet ligger i det regionale samarbeidet Norden gir rom for. Hver for oss er de nordiske landene, også Sverige, svært små. Samlet sett er vi fortsatt små befolkningsmessig, men økonomisk er vi blant verdens ti til fjortende største økonomier. Med et relativt sett svært høyt gjennomsnittlig kunnskapsnivå, og god kulturell bagasje i kofferten, har vi gode muligheter bare vi vet å gripe dem.

Som samarbeidende region har vi noen viktige fortrinn i Norden. For det første er det nordiske samarbeidet drevet av en dyp folkelig forankring og et sterk kulturelt slektskap. Nordisk samarbeid er ikke noe som er funnet opp av regjeringene, men noe som snarere har vokst frem som følge av tette kulturelle bånd folkene imellom. De politiske institusjonene i Norden kom etter krav fra blant annet Foreningene Norden, som sprang ut av en folkelig bevegelse med røtter tilbake til attenhundretallets skandinavisme. I motsetning til regjeringsstyrte sam-

arbeid, der befolkningen ofte stritter imot, er ytterligere nordisk integrering ønsket i befolkningen.

For det andre har vi i Norden, og kanskje særlig i Skandinavia, svært mange kulturelle fellesnevner. Det gjør samarbeid og nettverksbygging enklere. Ikke bare har vi mye felles i det skandinaviske språkfelleskapet, vi har også et godt utgangspunkt for å kunne forstå hverandres samfunn, våre sosiale koder, vår humor. Kort sagt: Vi tilpasser oss lett hverandres samfunn og fungerer godt i arbeid og fritid hos hverandre.

Det viktigste er likevel det skandinaviske språkfelleskapet. Faglig sett mener jeg det er god dekning for å kunne hevde at norsk, svensk og dansk er dialekter over det samme språk, altså skandinavisk. Politisk har det gjennom de siste par hundre år vært behov for å skape distanse. Min spådom er at vi i de neste to hundre år har større behov for å dyrke likhetene. For det er gjennom det skandinaviske språkfelleskapet at nordisk samarbeid blir for alle, og ikke begrenses til å være et eliteprosjekt. I dag kan ungdommer fra det ene nordiske landet ta jobb i det andre uten særlige problemer med språk eller annen spesiell opplæring. Har de gjort seg kjent med naboSpråkene i skolen, går dette enda lettere. Utfordringene fremover er flere. For det første går språkutviklingen i Danmark fort, og forståelsesflaten mot andre nordiske land er synkende. For det andre kommer engelsk stadig sterkere inn som alternativ også mellom skandinaviske land. Dette er greit for ganske mange, men i praksis begrenser det også store yrkesgrupper. Felles arbeidsmarked basert på engelsk er noe helt annet og mer begrenset enn et arbeidsmarked der morsmålet kan benyttes.

Det å styrke sine kunnskaper i nabolandsspråk er ikke spesielt krevende. Forståelsen er i stor grad en treningssak, og antall ord som er forskjellige, er nokså få i dagligtale. I forhold til innsatsen er vinningen for dagens unge stor. Gjennom styrket naboSpråkforståelse blir hele Nordens arbeidsmarked på snaut 25 millioner mennesker et hjemmemarked. Det betyr flere og mer interessante jobber å velge mellom i land der en lett vil føle seg hjemme. Tilgangen på studieplasser blir større og mulighetene for småjobber under studiet atskillig enklere. Tilgangen på litteratur, medieinnhold og en bredere anlagt offentlig samtale gir styrket kunnskap og samfunnsforståelse. Kort sagt et mer interessant utgangspunkt enn det en vil få bare i eget land.

I dette perspektivet er det fint at læreplanen i norsk gir anvisning på et godt kunnskapsinnhold i naboSpråk, men synd at dette i altfor stor grad ignoreres i skolene og ved lærerhøyskolene. Dessverre gjelder

dette i alle de nordiske landene. Fra Nordisk råds side har det mange ganger vært påpekt gjennom de senere årene, med krav om at nabo-landsundervisningen må tas alvorlig. En økende erkjennelse av at en ekstra satsing nå er nødvendig, har gitt noen resultater i form av utarbeidelse av læremidler og økt interesse i skolene, men fortsatt må mye gjøres. Denne håndboken i nabospråkundervisning er derfor et kjærkomment bidrag jeg håper mange lærere vil benytte seg av. Gjør de det, gjør de også elevene en stor tjeneste. Kunnskap i nabospråk er nemlig en god investering i fremtiden!

Stortinget juni 2015

Olemic Thommessen
stortingspresident

Det nordiske – i politikk, planar og praksis

Ove Eide

Ei innleiing om omgrep og nemningar

Før ein begynner på eit undervisningsopplegg om nabospråk eller nordisk litteratur og språk, kan det lønne seg med ei omgrepsavklaring.

Nabospråka våre er svensk og dansk, og det er desse to språka som har størst plass i læreplanen i norsk. Heilt frå tredje og fjerde klasse skal elevane lytte til svensk og dansk tale, og forstå hovudinnhaldet i det dei høyrer.

I tillegg til norsk, svensk og dansk femner den *nordiske språkgruppa* om islandsk og færøysk. Ofte kan vi sjå at dei nordiske språka igjen vert delte i to: *vestnordiske språk* (islandsk, færøysk og norsk) og *austnordiske språk* (svensk og dansk). Men vi kan også finne todelinga øynordisk (islandsk, færøysk) og *skandinavisk* (norsk, svensk og dansk). Dei skandinaviske språka er innbyrdes forståelege, og hadde det ikkje vore for at dei tre språka er knytte til kvart sitt land, kunne dei vore sedde på som dialektar.

Men så må vi skilje mellom *nordiske språk*, som høyrer saman reint språkleg, og *språk i Norden*. Her har vi for det første samisk, finsk og grønlandsk. Samisk og finsk høyrer til den finsk-ugriske greina av den uralske språkfamilien. Grønlandsk er eit eskimoisk-aleutisk språk. I tillegg reknar vi med at det finst ca. 200 ikkje-nordiske innvandrarspråk i Norden i dag.

I Noreg har fem mindretalsgrupper fått status som *nasjonale minoritetar*: kvenane, skogfinnane, jødane, romanifolket og rom (*Mål og meining*: 53). Folkegruppa rom vert ofte kalla sigøynarar, og språket deira er romanes. Gruppa tel 300–400 menneske, 90 % av dei snakkar romanes. Romanifolket er også kjende som reisande eller tatarar. Dei snakkar norsk romani, som har ordtilfang felles med romanes, men har norsk bøyingsmønster på orda og norsk setningsbygnad.

Tre nivå

Når vi snakkar om nabospråkundervisning, kan vi gjere det på tre nivå. På det politiske nivået finn vi viljeserklæringar og visjonar, som er meir eller mindre forpliktande i praksis. Dei politiske måla vert så konkretiserte gjennom læreplanar, der dei politiske erklæringane skal formast ut i forpliktande mål for skule og opplæring. Men for å finne ut korleis røyndommen er, må vi ut i klasseromma, ut i praksis. Og då er det lett å sjå at vegen er lang frå politiske idear til pedagogisk kvardag.

Helsingforsavtala

Helsingforsavtala av 1962 vert stundom kalla grunnlova for det nordiske samarbeidet. Dette var ei samarbeidsavtale med 70 paragrafar, underteikna av Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige. Målet var, og er, å fremje og utvikle samarbeid og fellesskap i Norden. I kapitlet «Kulturelt samarbeid» heiter det i artikkel 8:

Undervisningen og utdannelsen i skolene i de nordiske land skal i passende omfang omfatte undervisning om språk, kultur og alminnelige samfunnsforhold i de øvrige nordiske land, herunder Færøyene, Grønland og Åland.

Helsingforsavtala har vorte justert fleire gongar, men målsetjinga om undervisning i nordiske emne har stått fast, og vorten følgd opp også med ein eigen språkdeklarasjon.

Nordisk språkdeklarasjon

Deklarasjonen om nordisk språkpolitikk vart vedtatt av Nordisk råd hausten 2006. Dette er eit politisk (men ikkje juridisk bindande) dokument som peikar ut mål og tema for språkpolitisk samarbeid i Norden. I deklarasjonen heiter det at alle som bur i Norden, har *rett* til

- å tilegne seg et samfunnsbærende språk i tale og skrift, slik at de kan delta i samfunnslivet
- å tilegne seg forståelse av og kunnskaper om et skandinavisk språk og forståelse av de øvrige skandinaviske språkene, slik at de kan delta i det nordiske språkfellesskapet

- Ein nordisk språkpolitikk, heiter det, skal mellom anna ha som mål
- at alle nordboere kan kommunisere med kvarandre, først og fremst på et skandinavisk språk
 - at alle nordboere har grunnleggende kunnskaper om språkrettigheter i Norden og om språksituasjonen i Norden

Språkdeklarasjonen peikar ut fire språkpolitiske arbeidsområde. Eitt av dei er «Språkforståelse og språkkunnskap». Her heiter det at nabospråkundervisninga i skulen må styrkast, og at dei nordiske språka må verte meir synlege i det offentlege rommet, som i tv, på film, i bibliotek. Det bør også utviklast internordiske ordbøker.

Mål og meining

Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) har tittelen *Mål og meining*, med undertittelen: «Ein heilskapleg norsk språkpolitikk». Her er det nordiske perspektivet eitt av fem hovudelement. Ei viktig erkjenning bak denne prioriteringa er at Noreg er eit lite språkområde, både i Europa og i verda. Men ved å utvide det språkpolitiske perspektivet til å *omfatte* Skandinavia vil vi få tilgang til eit mykje større språk- og kulturområde enn det norske. Dei tre skandinaviske språka er gjensidig forståelege, og ei slik utviding vil gje eit verdifullt supplement til norsk språkkultur. Vi har lange tradisjonar for nordisk samarbeid, men dette må heile tida haldast ved like og fornyast:

At vi i Noreg gjer det vi kan for å halda ved like og utvikla den gjensidige språkforståinga i Norden, er ikkje berre med på å utvida den direkte språklege og kulturelle horisonten vår og stimulera all mellommenneskeleg kontakt internt i Norden. Dette gjer det også lettare på nordisk plan, ved å byggja vidare på eit allereie veletablert språksamarbeid, å møta dei språkpolitiske utfordringane som vi i stor grad deler med dei nordiske naboane våre (s. 15).

Ei slik felles utfordring er den stadig aukande bruken av engelsk i akademia og i næringslivet. I alle dei nordiske landa skjer det domenetap til engelsk.

Å styrke det nordiske språksamarbeidet inneber også å styrke dei kulturelle banda mellom landa og ein nordisk identitet. Derfor må det satsast på fleire område:

Dei nordiske språka må vera godt synlege både i utdanningssystemet og i media, gjennom læreplanane i skulen, i lærarutdanninga, i

tv, film og andre audiovisuelle medium. Nordiske språk bør bli lettare tilgjengelege i skrift og tale, i litteratur og utøvande kunst (s. 245).

I stortingsmeldinga er det sett opp åtte prioriterte tiltak i arbeidet for å styrke den nordiske språkfellesskapen (s. 249):

1. Departementet vil oppmoda og stimulera aktørar på heile kulturområdet til å delta aktivt i nordisk samarbeid og nordiske samarbeidsprosjekt.
2. Departementet vil vurdera å etablera eit fleirårig formidlingsprogram i folkebiblioteka som skal leggja til rette for formidling av nabolandslitteratur for barn og vaksne.
3. Departementet vil leggja til rette for at Den kulturelle skulesekken formidlar kunst og kultur også på nordiske nabospråk.
4. Departementet vil leggja til rette for å styrkja formidlinga av norske film- og tv-produksjonar i Norden og for fleire nordiske samproduksjonar for film og fjernsyn.
5. Departementet vil leggja til rette for at aktuelle støtteordningar for dataspel også kan bidra til å utvikla og formidla dataspel på andre nordiske språk enn norsk.
6. Departementet vil halda fram arbeidet for å finna løysingar som kan bidra til betre gjensidig tilgang på nabolandsfjernsyn i Norden.
7. Som ledd i arbeidet med å byggja opp ein norsk språkbank vil det bli lagt til rette for eit utvida nordisk samarbeid om språkressursar.
8. Regjeringa vil aktivt bidra til å fremja og følgja opp mål og tiltak i den nordiske språkdeklarasjonen, mellom anna alle tiltak som kan styrkja den nordiske språkfellesskapen.


Nabospråkforståing

Gjennom åra har det vorte gjort fleire undersøkingar om korleis nordmenn, svenskar og danskar forstår kvarandre. Dei viser at nordmenn kjem best ut når det gjeld nabospråkforståing. Forklaringa er både språkhistorisk og geografisk: Vi har vore i union både med Danmark og Sverige, og vi er geografisk i ein mellomposisjon. Unionen med Danmark gjer at vi har eit stort felles ordtilfang med danskane, medan talemåla i Noreg og Sverige har mykje felles i uttale.

Som ei forklaring på at nordmenn forstår nabospråka betre enn svenskar og danskar, vert også dialektmangfaldet i Noreg trekt fram. Vi er rett og slett betre vane med å høyre språkleg variasjon enn naboane

våre. Dermed er vi også bedre i stand til å meistre det språklege mangfaldet vi møter i Skandinavia.

I *Nordens språk med røtter og føtter* (2004:70) finn vi denne illustrasjonen, som viser i kva grad nordiske ungdommar forstod kvarandre i 1970-åra.



Figur 1: Skandinavisk nabospråksforståelse

Figurane viser at norske ungdommar forstår godt både svensk og dansk, medan ein dansk ungdom forstår norsk betre enn svensk. Svensken på si side slit med å forstå dansk.

Sidan 1970-åra har det gått tilbake med nabospråkforståinga:

Sammenlignet med tidligere forskning viser undersøkelser at språkforståelsen har blitt svakere i Danmark og Sverige, men muligens ikke i Norge. Undersøkelsen viser også at unge nordboere har bedre grannespråkforståelse i skrift enn i tale» (Østlie 2009:186–187).

Svekkinga over tid har skjedd i mindre grad for nordmenn enn for danskar og svenskar. Nabospråkforståinga har vorte mest svekt hos danske ungdommar.

I løpet av dei tre-fire siste tiåra har det skjedd viktige samfunnsendringar som har påverka språkferdigheitene, kanskje særleg hos ungdom. Innvandringa har auka sterkt, det same har globaliseringa. I alle dei tre skandinaviske landa har trykket frå engelsk språk og kultur auka sterkt. Vi ser då også at det vert vanleg for nordiske ungdommar å bruke engelsk som fellesspråk når dei møtest (*Stortingsmelding nr. 23 (2007–2008): Språk bygger broer*, s. 68).

Læreplanen i norsk av 2013

Etter revisjonen av læreplanen i norsk frå 2013 har norskfaget desse formuleringane om det nordiske:

Før revisjonen stod dette i formålsteksten:

Norsk språk og kultur utvikles i en situasjon preget av kulturelt mangfold og internasjonalisering, i samspill med nordiske nabospråk og minoritetsspråk i Norge og med impulser fra engelsk. I dette språklige og kulturelle mangfoldet utvikler barn og unge sin språkkompetanse. Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal det legges til rette for at barn og unge får et bevisst forhold til språklig mangfold og lærer å lese og skrive både bokmål og nynorsk.

Etter revisjonen står det slik:

I Norge er norsk og samisk offisielle språk, og bokmål og nynorsk er likestilte skriftlige målformer. Vi bruker mange ulike dialekter og talemålsvarianter, men også andre språk enn norsk. Det språklige mangfoldet er en ressurs for utviklingen av barn og unges språkkompetanse. Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal barn og unge få et bevisst forhold til språklig mangfold, og lære å lese og skrive både bokmål og nynorsk. Formålet med opplæringen er å styrke elevenes språklige trygghet og identitet, utvikle deres språkforståelse og gi et godt grunnlag for mestring av begge målformene i samfunns- og yrkesliv.

Som vi ser: Formuleringa «I samspill med nordiske nabospråk» er tatt vekk. Men litt seinare i den reviderte planen vert det nordiske tatt med:

Hovedområdet språk, litteratur og kultur handler om norsk og nordisk språk- og tekstkultur, også med internasjonale perspektiver.

Ut frå formålsteksten åleine kan det sjå ut som om det nordiske er mindre tydeleg. Men det er viktigare å sjå på dei enkelte kompetansemåla som gjeld det nordiske – og sjå dei i samanheng.

Den læreplanen i norsk som gjeld frå 2013, har desse kompetansemåla knytte til det nordiske:

Etter 4. klasse

- forstå noe svensk og dansk tale

Etter 7. klasse

- lese enkle tekster på svensk og dansk og gjengi og kommentere innholdet

Etter 10. klasse

- lytte til, forstå og gjengi informasjon fra svensk og dansk
- gjengi innholdet og finne tema i et utvalg tekster på svensk og dansk

Etter vg1

- beskrive grammatiske særtrekk i norsk og sammenligne med andre språk

Etter vg2

- lese og analysere noen sentrale tekster på svensk og dansk

Etter vg3

- gjøre rede for noen sentrale likheter og forskjeller mellom de nordiske språkene
- presentere et utvalg oversatte og originale nordiske tekster

Vi ser at elevane allereie i tredje og fjerde klasse skal møte nabospråka svensk og dansk. Gjennom heile grunnskulen dreier det seg om å lytte til, lese og forstå dei to nabospråka. Kompetansemåla er knytte til innhald og forståing. Også i vidaregåande dreier det seg om svensk og dansk. Dei to språka er ikkje nemnde i vg1-måla (som også gjeld for yrkesfag), men det er mogeleg å trekkje inn svensk og dansk (og andre nordiske språk) når ein skal arbeide med å samanlikne norsk med andre språk. Men her er det svært mykje opp til læraren om det nordiske kjem med. Det som er heilt sikkert, er at dei elevane som går yrkesfag, ikkje har krav om å møte tekstar på nabospråka våre. I ei tid med ganske stor utveksling av arbeidskraft mellom dei nordiske landa er

det, paradoksalt nok, dei som tek yrkesfaglege utdanningar, som ikkje får opplæring i nabospråka.

Først i måla for vg3 møter vi omgrepet «nordisk», og dermed vert perspektivet utvida til meir enn berre svensk og dansk. Elevane skal altså lære om og møte tekstar også på islandsk og færøysk, i omsetjing eller i original. (Samisk språk og litteratur har eigne kompetansemål.) Omfanget er ikkje oppgjeve, så her vil nok kompetansen til den enkelte læraren vere avgjerande for kor mykje – og kor godt? – elevane vil få kjennskap til det nordiske.

Samanliknar vi den reviderte norskplanen av 2013 med planen frå 2006, ser vi at eitt viktig kompetansemål er tatt vekk. Frå 2006 til 2013 heitte det for vg3 at elevane skulle kunne «beskrive og sammenligne de nordiske lands språksituasjon og språkpolitikk». I arbeidet med å gjere læreplanen i norsk mindre omfattande, som var eitt av føremåla med revisjonen, var dette av dei måla som vart strokne.

Nokre innsteg i tidlegare læreplanar

I *Normalplan for byfolkeskolen* og *Normalplan for landsfolkeskolen* (1940- og 1950-åra) er verken nabospråka svensk og dansk eller det nordiske nemnt i norskplanen. Men når vi kjem til *Mønsterplan for grunnskolen* (M87) i 1980-åra, har det nordiske fått tydeleg rom. I avsnittet «Mål» ser vi at undervisninga i norsk skal «gje elevane del i det nordiske kultur- og språkfelleskapet». Krava til kunnskapar og ferdigheter er ikkje smålatne i denne planen: «På høgare klassesteg må elevane få øving i å høyre svensk og dansk, slik at dei etter kvart forstår desse grannespråka og kan snakke med svenskar og danskar.» Elevane bør lese nordisk litteratur, og gjennom litteraturundervisninga skal dei «få syn for historiske, sosiale og kulturelle samanhengar». Det nordiske perspektivet er jamstelt med det lokale, det nasjonale og det globale.

Går vi til vidaregåande skule i 1980-åra, ser vi for det første at då var det fleire norskplanar, tilpassa ulike studieretningar: allmenne fag, handel og kontor, yrkesfag (her heitte faget norsk med samfunnskunnskap). Dei nordiske språka har berre plass på allmenne fag, og her heiter det under «Mål» at elevane skal ha «noko kjennskap til dansk og svensk språk og litteratur». Når dei les litteraturhistorie, skal dei ha utsyn til nordisk litteratur og til verdslitteraturen elles. I andre klasse skal elevane få «noko kjennskap til dei andre nordiske språka, t.d. gjennom korte tekstprøver». Planen krev at elevane les minst sju sider norrønt, men fem av sidene kan bytast ut med nyislandsk. I tredje klasse er det

sett opp kor mykje som skal lesast av nordisk litteratur: 20 sider svensk litteratur i original og 20 sider dansk. Læreplanen seier òg at skulen må ha klassesett av «høveleg nordisk skjønnlitteratur».

I 1976 vart det laga ei *Metodisk veiledning* for norskfaget, og her står det eit eige avsnitt om svensk og dansk. Her vert føremålet med undervisninga i dei nordiske emna konkretisert:

Skolen bør ha klassesett av dansk og svensk litteratur. Best passer nok antologier med korte tekster innen ulike genrer. Hele opplegget er vel helst ment som en appetittvekker og et lite innblikk i våre to nabolands språk og litteratur. Elevene skjønner at våre naboers litteratur er opptatt av nøyaktig de same motiver som vår egen, og forhåpentlig kan en også få dem til å innse at det heller ikke er noen uovervinnelig språkbarriere. Av den grunn må en få dem til å forstå at de for framtida helst bør lese skandinavisk litteratur på original-språket.

Det vil være naturlig å ta språk og litteratur under ett. For språkets del må det (om ikke spesielle interesser og forutsetninger er til stede, for eksempel i grenseområdene) være tilstrekkelig å peke på enkelte karakteristiske trekk ved uttale, ordbruk og syntaks (s. 115).

I 1990-åra vart det gjennomført to større skulereformer: R94 for vidaregåande og L97 for grunnskulen. Tala markerer årstala for innføring av endringane (1994 og 1997). Begge reformene førte med seg nye læreplanar i norsk, som i alle andre fag.

Både i R94 og L97 er norskplanane prega av ei sterk vektlegging av det nasjonale, og av kor viktig det er å ha felles kulturelle referanserammer i ein nasjon. Norskfaget er eit kulturfag som skal skape medvit om røtene våre, heiter det t.d. i planen for vidaregåande skule. Det nordiske perspektivet er til stades, utan å verte særleg sterkt vektlagt. I planen for vidaregåande heiter det under overskrifta «Litteratur» at «Eit rikt utval av norsk skjønnlitteratur og sakprosa utgjer kjernen i litteraturlæringa, men også tekstar frå nordisk og internasjonal litteratur har sin plass» (s. 243). Elles finn vi formuleringar som «noko kjennskap til den nordiske (litteraturen)» og for yrkesfag at ein i «noko grad kan trekkje inn tekstar frå andre nordiske land og frå verdslitteraturen».

I måla for studieretningane for felles allmenne og økonomisk-administrative fag, musikk, dans og drama og idrettsfag heiter det under dei felles måla at elevane «skal ha noko kunnskap om andre nordiske språk

og ha lese dansk og svensk litteratur på originalspråket og islandsk litteratur i omsetjing». Formuleringa som gjeld første året for desse studieretningane, er den same som for yrkesfag (sjå ovanfor). Andre året skal elevane «ha kunnskap om norsk og nordisk litteratur frå dei eldste tider og fram til ca. 1900 og samtidig få litteraturhistorisk oversikt og samanheng. Tekstane skal setjast inn i ein samfunnssamanheng». Planen for dette året nemner konkret at H.C. Andersen og August Strindberg bør vere med i det tekstutvalet elevane les.

Siste året på det som i dag heiter studieførebuande utdanningsprogram, skal elevane ha «noko kunnskap om viktige skilnader mellom norsk og andre nordiske språk», og dei skal «lese eit utval av danske og svenske tekstar i original og islandske tekstar i omsetjing». Tredje året skulle alle elevane fordjupe seg i eit særmenne, og her kunne arbeidsstoffet hentast frå nordisk språk, litteratur eller massemedium.

I den generelle delen av læreplanen frå 1990-åra er det ingenting å finne om det nordiske. Går vi til planen for norskfaget i grunnskulen, så skal elevane møte det nordiske i andre klasse: Her er Astrid Lindgren nemnd som ein barnebokforfattar som vil høve for barna. I tredje klasse skal elevane lese nyare barnebokforfattarar – og nordiske er mellom dei. I fjerde klasse skal elevane lese «fantastisk litteratur av nyare dato», og her er Tove Jansson og Roald Dahl konkret nemnde. Same året skal elevane høyre eller lese kunsteventyr av H.C. Andersen. På desse aldersstega er det snakk om omsette tekstar.

På mellomsteget, femte til sjuande klasse, er det tid for å lese noko svensk og dansk litteratur i original språkdrakt. Elles er ikkje svensk og dansk nemnt på desse årsstega.

På ungdomssteget vert det meir nordisk, men kanskje ikkje så mykje som ein kunne tru når ein ser på kva elevane har gjort åra før. I åttande klasse skal elevane «få noko røynsle i å lytte til svensk og dansk språk», og dei skal lese eit utval noveller der svenske og danske tekstar også høyrer med. Men så er det jamt slutt. Verken i niande eller tiande klasse er det nemnt noko om nordisk språk eller litteratur.

Oppsummering: læreplanane

Ser vi tilbake på dei siste 40 åra, så har nordiske emne hatt plass i norskplanane heile tida. Men omfanget har veksla. I den planen som gjeld no, er det nordiske emne på alle årsstega etter andre klasse. Etter den reviderte læreplanen av 2013 skal elevane lære å forstå svensk og dansk tale, kunne lese og forstå tekstar på svensk og dansk, kunne

finne tema i dei lesne tekstane og kunne gjere greie for likskapar og skilnader mellom dei nordiske språka. I vg3 skal dei kunne presentere eit utval nordiske tekstar, skriftleg, munnleg eller multimodalt.

Det er grunn til å seie at læreplanen i norsk har mål som gjer at elevane bør kunne gå ut av grunnskulen med eit visst kjennskap til svensk og dansk (både språk og litteratur), og at dei i vidaregåande skule får høve til å verte litt kjende med dei nordiske språka og den nordiske litteraturen.

Men vi skal legge merke til at læreplanen ikkje krev at tekstane skal setjast inn i kontekst, verken litteraturhistorisk eller samfunnsmessig. Det er likevel ikkje noko i vegen for at ein i opplæringa gjer nettopp dette.

I Mette Kristin Østlies masteravhandling frå 2009 er ein av konklusjonane at det nordiske perspektivet er styrkt i norskfaget etter Kunnskapsløftet sin norskplan av 2006, samanlikna med tidlegare norskplanar (Østlie 2009:63, 115). Først og fremst viser dette seg ved at elevane møter dansk og svensk tidlegare i skuleløpet enn før. Vg1 har eit tydeleg mål knytt til det nordiske: «gjøre rede for likheter og forskjeller mellom de nordiske språkene og mellom norrønt og moderne norsk», og i vg3 heiter det at elevane skal kunne «beskrive og sammenligne de nordiske lands språksituasjon og språkpolitikk».

Etter at Østlie skreiv si avhandling, vart planen revidert, først i 2010, så i 2013. I 2010-revisjonen vart kompetansemålet for vg1 om «likheter og forskjeller mellom de nordiske språkene» flytta til vg2 (og i 2013 til vg3), og i 2013 vart målet som galdt språksituasjon og språkpolitikk, tatt heilt vekk. Dette betyr at to av dei tre elementa som Østlie brukte som argument for å seie at læreplanen av 2006 representerte ei styrking av det nordiske perspektivet, er tatt vekk att. Dermed er 2013-planen eit steg attende for dei nordiske emna, samanlikna med planen frå 2006. Altså ei svekking av det nordiske perspektivet. Denne svekkinga gjeld læreplanen, noko anna er praksis: Kor mykje plass har dei nordiske emna i skulekvardagane?

Praksis

Dei undersøkingane som er gjorde av omfanget av nabospråkundervisninga, viser at det vert brukt helst få timar i praksis. I Mette Østlies masteroppgåve om nabospråkundervisninga på studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande skule går det fram at over halvparten av gruppene nyttar 3–6 timar for året til emne som har med nordisk

språkfelleskap og grannespråkundervising å gjere. I om lag ein fjerdedel av gruppene vart det nytta 0–2 timar (Østlie 2009:191, 196). Østlies konklusjon er at det rett nok har skjedd ei styrking av det nordiske perspektivet i læreplanen, men å snakke om ei faktisk styrking i faget er helst ein illusjon: «Grunnlaget for styrking er riktig nok lagt gjennom reformen Kunnskapsløftet, ny læreplan og utvikling av nye læremidler, men aktiviteten er fremdeles for lav til at vi kan si at det nordiske perspektivet er styrket» (Østlie 2009:196).

Dei låge timetala for undervising i nabospråk kan ha fleire forklaringar. I Østlies avhandling går det fram at 45 % av norsklærarane i vidaregåande opplevde grannespråkundervisinga som problematisk. Mangel på tid var det dei fleste peikte på som vanskeleg, deretter uklære/manglande målsetjingar for emnet, manglande interesse hos elevane, eigen fagleg utryggeleik, mangel på materiell og manglande interesse hos læraren sjølv (Østlie 2009:184, 194). Desse resultatata samsvarar godt med tidlegare undersøkingar om same tema.

Når ein lærar / ei klasse skal velje kor mange timar som skal brukast til undervising i nordiske emne / nabospråk, er det mange avvegingar som må gjerast: Formuleringane i læreplanen og timetalet i faget betyr mykje, men også eksamen vil vere styrande. Dei emna som vert gjevne til skriftleg og munnleg eksamen, vil ha betydning for kva ein legg vekt på i timane: «Satt på spissen vil derfor det som blir gitt til skriftlig eksamen, både når det gjelder tema og sjanger, være like førende, om ikke mer førende, for lærerens undervising, enn den formelle læreplanen. Eksamen vil fungere som *bakgrunnsføreplan*» (Sundby 2013:47).

Anniken Hotvedt Sundby har gått igjennom dei skriftlege eksamensoppgåvene i norsk (gymnas og vidaregåande) for åra 1880–1991, 1997–1999 og 2009–2012 for å sjå kor mange oppgåver som var knytte til det nordiske perspektivet / nabospråk. Konklusjonen hennar er klår: Slike emne vert ikkje gjevne til skriftleg eksamen i norskfaget. Og når lærarane veit dette, så får emnet heller ikkje plass eller prioritet i den daglege undervisinga med press på timar og tid.

I 2010 fekk Språkrådet gjennomført ei spørjeundersøking blant norsklærarar i ungdomsskulen og i vidaregåande skule: «Norsklæreres holdninger til eget fag». Undersøkinga viste mellom anna at svært mange norsklærarar ser på nabospråkundervisinga som mindre eller lite viktig, men også at dei manglar kompetanse på dette fagområdet.

Det er vel ikkje urimeleg å tenkje at det er ein viss samanheng mellom kompetanse og viktighet.

53 % av dei som svarte (1594 lærarar) meinte at undervisninga i nabospråk var mindre viktig, 11 % kryssa av for ikkje viktig. Berre 5 % av dei spurde meinte at dette var svært viktig lærestoff. 29 % sa ganske viktig.

Undersøkinga hadde også eit spørsmål om opplevd kompetanse på dette fagområdet. 58 % svarte «i noen grad», 6 % «ikke i det hele tatt». Berre 9 % av norsklærarane meinte dei hadde svært høg kompetanse i nabospråk. 26 % kryssa av «i ganske stor grad».

Både undervisningspraksis og faktisk lærarkompetanse står dermed i klår motsetnad til offisiell norsk språkpolitikk, slik denne kjem til uttrykk i *Stortingsmelding nr. 35 (2007/2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, og i den nordiske språkdeklarasjonen frå 2007. Det er sjølvsagt eit like sterkt mishøve mellom praksis og dei nordiskeerklæringane om å arbeide for eistyrkt nabospråkundervisning.

Litteratur

Aurstad, Bodil 2012: «Vilje til språk», i *Norsklæraren* 1/2012, Oslo: Landslaget for norskundervisning

Delsing, Lars-Olof og Katarina Lundin Åkesson 2005, *Håller språket i hop Norden?*, København: Nordisk ministerråd

Gregersen, Frans 2012: «Nordisk som mål – blålys eller nordlys», i *Norsklæraren* 1/2012, Oslo: Landslaget for norskundervisning

Karker, Allan mfl. (red.) 1997, *Nordens språk*, Oslo: Novus forlag

Lund, Jørn, 2012, «Åt åbne til det nordiske sprogfællesskab», i *Norsklæraren* 1/2012, Oslo: Landslaget for norskundervisning

Lundin, Katarina 2012, «Några ord om språkförståelse i Skandinavien», i *Norsklæraren* 1/2012, Oslo: Landslaget for norskundervisning

Sletten, Iben Stampe 2004: *Nordens språk med røtter og føtter*, København: Nordisk ministerråd

Språkrådet 2011: *Norsklæreres holdninger til eget fag*, <http://www.sprakradet.no/upload/Norskl%C3%A6reres%20holdninger%20til%20eget%20fag.pdf>

Stortingsmelding nr. 23 (2007–2008). Språk bygger broer,
Oslo: Kunnskapsdepartementet

*Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008). Mål og mening. Ein heilskapleg norsk
språkpolitikk,* Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet

Sundby, Anniken Hotvedt, 2013: *Det nordiske enhetsbygget – bestå eller
falle?*, Master i norskdidaktikk, Fakultet for humaniora og utdannings-
vitenskap, Høgskolen i Vestfold

Østlie, Mette Kristin, 2009: *Det nordiske perspektivet er styrket i videregående
skole. Illusjon eller realitet?* Mastergradsavhandling i nordiskdidaktikk,
Institutt for lærerutdanning og skoleutvikling, Universitetet i Oslo

Det nordiske perspektivet i Nordens læreplaner

Bodil Aurstad

Det nordiske språkfellesskapet er noe helt enestående.

Det folk vanligvis forbinder med det nordiske språkfellesskapet, er at over 25 millioner mennesker har muligheten til å kommunisere med hverandre via tre gjensidig forståelige og nær beslektede språk: dansk, norsk og svensk. Det å oppdage at man kan bruke et språk i en samtale med en som snakker et *annet* språk, er en enestående opplevelse. Men det virkelig unike ved det nordiske språksamarbeidet er faktisk at vi i Norden satser politisk på språk som en grunnleggende del av individets og gruppens identitetsdannelse.

Det nordiske i læreplanene for språkfagene

Man kan ikke satse på språk uten også å satse på undervisning.

Det er et av hovedpunktene i den nordiske språkdeklarasjonen, som i 2006 ble underskrevet av Nordens undervisningsministre. Og det sattes på det nordiske perspektivet i læreplanene i Norden. Læreplanene i Danmark, på Færøyene, i Norge og i Sverige legger tydeligst vekt på å trene en kommunikasjonsorientert språkforståelse. De øvrige læreplanene legger først og fremst vekt på kulturforståelse. Felles for alle er at språkfagene dansk og svensk skal åpne det nordiske språk- og kulturfellesskapet for elevene.

De fleste av de nordiske landene har ganske nylig fått nye eller reviderte læreplaner, og på den måten er det kanskje urimelig å trekke frem resultatene fra den internordiske undersøkelsen fra 2005 om forståelsen av dansk, norsk, svensk og engelsk rundt om i Norden. Elevene som deltok i den snart ti år gamle undersøkelsen, var jo tross alt produkter av læreplanene i perioden 1994–2004. Det kan likevel være interessant å ha de gode resultatene for de norske og de færøyske elevene i bakhodet når man ser nærmere på den nordiske innfallsvinkelen i Nordens læreplaner og på hvilke kompetanser grunnskolen ideelt sett skal gi elevene som forberedelse til videregående skole.

Danmark

I grunnskolen møter danske skoleelever nabospråkene norsk og svensk allerede tidlig. Etter 2. klassetrinn er det et mål at eleven kan forstå enkle norske og svenske ord og uttrykk. Etter 4. klassetrinn skal eleven kunne forstå enkle norske og svenske tekster og andre «uttryksformer». Etter 6. klassetrinn skal eleven forstå lette norske og svenske tekster og kjenne til noen likheter og forskjeller mellom nabospråkene. Etter 9. klassetrinn kommer kravet til lytteforståelse inn for fullt, og eleven skal kunne lytte til norsk og svensk med forståelse.

Prioriteringen av den kommunikasjonsorienterte språkforståelsen fortsetter i videregående skole, og det er verdt å merke seg at eksamen i dansk for lærerstudenter i 2012 blant annet omfattet nabospråkundervisning.

Finland

Svensk har en særlig stilling i Finland. Finlandssvensk er ett av to offisielle språk i Finland og morsmål for omkring 5 % i Finland og i overkant av 90 % på Åland. Svensk er i Finland derfor ikke bare en inngangsport til det nordiske språk- og kulturfellesskapet, men også en del av det finlandske. Det gjør at forutsetningene for svenskundervisning er noe annerledes enn for eksempel for dansk på Island.

I Finland er det derfor to læreplaner for faget svensk. Én som gjelder for den svenskundervisningen som de fleste finske elever får i «det andra inhemska språket», og én som gjelder det nordiske perspektivet i faget svensk som morsmål for finlandsvenske elever.

De aller fleste finskspråklige barn begynner å lære svensk på årskurs 7, men fra 2016 innledes svenskundervisningen allerede fra årskurs 6. Ca. 1 % velger svensk som første fremmedspråk, og ca. 5 % velger svensk med særlig fordypning allerede fra årskurs 4 eller 5.

Når det gjelder språkferdigheter i svensk som fremmedspråk, er målet at eleven skal kunne bruke og forstå svensk i situasjoner fra dagliglivet. Det legges blant annet vekt på å utvikle muntlige kommunikasjonsferdigheter, der eleven søker hjelp i konteksten for å støtte lytteforståelsen. Når det gjelder interkulturell kompetanse, skal elevene lære om «relationer, skillnader och likheter mellan finlandssvenska, svenska och de andra nordiska livsformerna och kulturerna».

Frem til 2004 var det obligatorisk å gå opp til eksamen i «det andra inhemska språket» for å få studiekompetanse. Etter 2004 er dette gjort frivillig.

Når det gjelder undervisningen for elever som har svensk som morsmål, er målet at elevene skal stifte bekjentskap med nabospråkene og nabolandenes barnelitteratur, samt kunne reflektere over språk og språkets betydning. Allerede i årskurs 3 skal elevene få sitt første møte med de nordiske nabospråkene. I årskursene 7 til 9 vektlegges kjennskap til Nordens litteratur og myter i tillegg til at eleven til en viss grad skal kunne sammenligne svensk og andre språk, heriblant nabospråkene dansk og norsk.

Færøyene

Færøyene er en del av det danske riksfellesskapet. Dansk er første fremmedspråk for færøyskspråklige elever, og undervisningen begynner allerede fra 3. klassesetrinn. Selv om færøysk på mange måter ligner islandsk mer enn dansk, er det færingene som scorer høyest på poengskalaen i den internordiske INS-undersøkelsen av forståelsen av dansk, norsk, svensk og engelsk fra 2005: Forståelsen av dansk er enda bedre enn forståelsen av engelsk, og de forstår norsk omtrent like bra som engelsk. Det ligger selvsagt en sammensatt forklaring bak dette resultatet. Det kan ha med omstendigheter omkring testsituasjonen å gjøre. Det kan ha å gjøre med mangespråkligheten i samfunnet – både med tanke på språkholdninger og språkmangfold. Og det kan ha med språkundervisningen å gjøre.

På Færøyene møter elevene nabospråkperspektivet i to fag: dansk og færøysk.

I danskfaget skal elevene allerede på 6. klassesetrinn kunne lese og forstå lettere norske og svenske tekster. Trening av leseforståelsen fortsetter i det videre studieforløpet, og på 9. klassesetrinn skal eleven også trene lytteforståelsen av norsk og svensk. Siden mye av undervisningsmaterialet er danskprodusert, er det lagt særlig vekt på forståelsen av svensk, der det er flest utfordringer for danskspråklige. Når det gjelder forståelsen av norsk, er det først og fremst bokmål eleven møter i danskfaget. Bokmålets slektskap med det danske språket legger opp til noen interessante muligheter for språklige sammenligninger, og språklige sammenligninger er det også lagt vekt på i færøyskfaget. Her skal elevene på 9. klassesetrinn ha kjennskap til slektskapet mellom færøysk og andre nordiske språk, med særlig vekt på norsk og islandsk. Her er det først

og fremst relasjonen mellom færøysk og nynorsk som vektlegges. I løpet av videregående skole skal eleven også lære å forklare slektskapet mellom språkene.

Grønland

Også Grønland er en del av det danske riksfellesskapet. Dansk er første fremmedspråk for grønlandskspråklige elever, og undervisningen begynner allerede ved skolestart i språkblandede klasser (grønlandsk og dansk). Forskjellene mellom dansk og grønlandsk, som tilhører hver sin språkfamilie, er svært store. Det ligger derfor store utfordringer i å skulle innføre et nabospråkperspektiv i danskundervisningen i grønlandske skoler. Derfor er det nok først og fremst gjennom relasjonen til Danmark, det danske språket og språk- og studiereiser at de grønlandskspråklige elevene får en første tilknytning til resten av Norden.

Men om man ønsket at elevene skulle få den samme opplevelsen av å kunne forstå (mye av) et *utenlandsk* språk, altså en nabospråkopplevelse, så kunne dette også gjøres via grønlandskfaget. Dette er ikke enda en del av undervisningen i språket, men erfaringen viser at grønlandskspråklige til en viss grad kan forstå og kommunisere med inuktituttalende fra Canada. For omkring 40 år siden hørte de i Canada mye på grønlandskspråklig radio fra Grønland, så godt voksne inuitter forstår fremdeles grønlandsk. Det er litt det samme som man kan observere når det gjelder relasjonen mellom språklig input fra radio/TV og språkforståelse, for eksempel av svensk i Norge og norsk på Færøyene.

Island

I 1380 kom Island med Norge inn i union med Danmark. På samme måte som i Norge kom dansk etter reformasjonen til å få en sentral posisjon i språksamfunnet. I 1944 gikk Island ut av unionen med Danmark, men det var først i 1999 at dansk ikke lenger ble undervist som første fremmedspråk på Island. Det undervises dog fremdeles i dansk i islandske grunnskoler og videregående skoler, med unntak av for elever som har en personlig tilknytning til Norge eller Sverige. De kan velge å motta undervisning i norsk eller svensk isteden. I danskfaget legges det vekt på at dansk er et nordisk språk nær beslektet med norsk og svensk og nøkkelen til de øvrige nordiske landene og det nordiske fellesskapet. Det å kunne dansk blir også fremholdt på et mer praktisk nivå som inngangsporten til universitetsstudier i Danmark, eventuelt også Norge og Sverige.

Når det gjelder islandskfaget, anbefaler læreplanen at man i undervisningen på 10. klassetrinn påpeker slektskapet mellom de nordiske språkene og islandsk og gir elevene mulighet til å forsøke å forstå de andre nordiske språkene, både talespråk og skriftspråk.

Sverige

I løpet av årskurs 6 skal elevene lese og lytte og kunne gi eksempler på tydelig fremtredende språklige likheter og forskjeller mellom svensk og «nærliggande språk», som dansk og norsk. I løpet av årskurs 9 skal elevene kunne sammenligne svensk språks «historia, ursprung och särdrag» og gjennom sammenligninger kunne beskrive fremtredende forskjeller og likheter mellom svensk og nabospråkene.

Åland

Svensk er offisielt språk på Åland og morsmål for i overkant av 90 % av befolkningen. I svenskfaget skal elevene få kjennskap til dansk og norsk i tale og skrift. Videre er det oppfordret i læreplanen til at man benytter de muligheter som finnes gjennom vennskapsklasser, skolebesøk og lignende til å trene elevenes praktiske kommunikasjonsferdigheter i møtet med nabospråkene.

Hva er målet for undervisningen?

Språk må læres for å kunne brukes. Også nabospråk.

I det politiske oppdraget som er formulert i språkdeklarasjonen, legges det vekt på å gi elevene en *kommunikasjonsorientert språkforståelse*, altså at elevene skal kunne forstå moderne nabospråk (hverdagsspråk) i tale og skrift.

Riktignok skal man ikke forstå begrepet «hverdagsspråk» altfor bokstavelig. Hverdagstale som på ingen måte er tilrettelagt for internordisk kommunikasjon, kan være en stor utfordring også for den mer språkerfarne nordboer. Men elevene skal forberedes til å ferdes i et annet nordisk land: lese en avis, se en TV-serie, snakke med andre nordboere om dagligdagse emner.

På grunnlag av dette burde nabospråkundervisningen i fagene dansk, norsk og svensk i utgangspunktet gå ut på å trene lytte- og leseforståelse. På et mer overordnet nivå dreier det seg dessuten om å gi elevene noen grunnleggende redskaper til å avkode språklig variasjon ved

hjelp av. Det er i stor grad et spørsmål om å gi elevene språklig erfaring. Hva det er helt konkret som står i veien for nabospråkforståelsen, er ofte en kombinasjon av negative språkholdninger eller forventninger og manglende erfaring og kunnskaper.

Sett fra et pedagogisk ståsted er det derfor viktig å gi elevene en opplevelse av mestring nettopp for å bygge positive forventninger og holdninger. Etter hvert bør undervisningen også gi dem noen redskaper med på veien slik at de blir i stand til både å avkode andre varieteter av skandinavisk og å tilpasse sitt eget språk på en *hensiktsmessig* måte i møtet med andre nordboere. Dette siste er spesielt viktig for nordmenn, som er vant til å kunne bruke dialekten sin uforandret i alle sammenhenger. Nabospråkperspektivet blir dermed ikke bare et spørsmål om å fokusere på det *andre*, men også om å bli mer oppmerksom på og bedre forstå det *egne*.

Alt dette kan gjøres uten at læreren egentlig selv har store kunnskaper i nabospråkene. Det rekkes med lysten til å gå på språklig skattejakt.

Hvis vi vender tilbake til de gode resultatene fra den internordiske undersøkelsen av språkforståelse, så er det likevel verdt å merke seg at man i Norge og på Færøyene går et skritt videre. Felles for læreplanen i norsk i Norge og læreplanene i dansk og færøysk på Færøyene er at man ikke bare satser på språkforståelse, men at også språkhistorisk og -politisk analyse og det sammenlignende perspektivet i stor grad er ivaretatt i språkundervisningen. Dette stiller imidlertid helt andre og større krav til lærerens kunnskapsnivå, og det dreier seg om andre læringsmål. Men for den som har mot på å gi seg i kast med det, kan det for eksempel gjøres mange interessante sammenligninger mellom nynorsk og færøysk med tanke på hvordan språkene vokste frem, og på hvilket grunnlag normeringen av dem foregår.

Hvordan følges målene i læreplanene opp i undervisningen?

Når læreplanene i all hovedsak ser ut til å prioritere det nordiske språk- og kulturfelleskapet, skulle man tro at alt lå til rette for at den oppvoksende generasjonen fremover skulle få den best tenkelige nabospråk- og Norden-undervisningen rundt om i Norden. Men hvordan følges læreplanen opp i klasserommet?

Unge mennesker formes hver eneste dag av valg voksne treffer på deres vegne. Elevenes fremtidige språklige kompetanser formes av de valg lærerne deres gjør i den praktiske undervisningen. Kanskje er dette

viktigere enn den rollen selve læreplanens kompetansemål spiller. Språkrådet i Norge la i 2011 frem en undersøkelse som viste at kun 35 % av lærerne mener at de selv har *god* kompetanse til å undervise i nabospråkene, resten oppgir at de bare i *noen eller ingen grad* har tilstrekkelig *kompetanse*. Tilsvarende resultater ble lagt frem av Lärarnas Riksförbund i Sverige i 2012. Det store flertallet, mellom 60 og 70 %, vurderer at de kun delvis har de kompetansene som skal til for å oppfylle *læreplanens mål*. Lignende undersøkelser er dessverre ikke gjort i andre land, men det er liten grunn til å tro at situasjonen på dette området skulle være svært annerledes. Hvis lærernes holdning, eller selvevaluering, er at deres egen kompetanse i nabospråk og/eller nabospråkdidaktikk er mangelfull og utilstrekkelig, representerer dette en stor utfordring. Ikke bare for skolen, men også for lærerutdannelsen.

Nabospråkundervisningen fremholdes dessuten ofte som *mindre viktig* enn andre temaer av mange lærere. I 2012 publiserte Nordfag-nettverket en undersøkelse av dansk-, norsk- og svensk læreres didaktiske overveielser omkring eget fag, publisert i *Den nordiske skolen – fins den?* I undersøkelsen viser det seg at mange lærere har problemer med å begrunne for eksempel litteraturdelen av språkfaget. Særlig gjelder dette lesing av eldre litteratur. På samme måte som lesing av tekster på nabospråk kan lesing av tekster i eldre språkdrakt bidra til at elevene får et nytt perspektiv på moderne norsk. Sett i sammenheng med resultatene fra Nordfag-undersøkelsen kunne det være på sin plass med en kritisk gjennomgang av norskfagets didaktikk: Hvorfor skal det nordiske være en del av norskfaget? Dreier det nordiske perspektivet i norskfaget om en felles historie, om kulturforståelse, om språkkompetanse eller om samfunnsøkonomisk nytte? Og hvordan, og hvorfor, satser man på internordisk språkforståelse gjennom skolen?

I nabospråkundervisningen dreier det seg i stor grad om å la elevene oppdage hvor mye de *allerede* kan og forstår. Men det er like viktig for motivasjonen at det ikke alene er et mål i seg selv å kunne forstå andre skandinaviske språk. Da ender man fort opp i en diskusjon om hvorvidt man kan klare seg med engelsk alene, eller ei. Den diskusjonen er interessant, og bør tas med elevene, men det bør ikke stanse der. Elevene må gjennom undervisningen oppdage at de trenger språkkompetanser for å kunne samhandle med andre og ikke minst få lyst til det.

Hvordan lykkes man så med å skape en slik lyst hos elevene? Et ønske fra elevenes side om *relevant* og *autentisk* undervisningsmateriale samt trening av *lytteforståelse* er et av de viktigste og tydeligste resultatene fra forskningsprosjektet *Svenska i toppen* fra Finland i 2010. Alt

sammen innebærer en prioritering av kommunikasjonsorientert språkkompetanse. *Svenska i toppen*-undersøkelsen skulle identifisere suksessfaktorer ved de videregående skolene som lykkes spesielt bra med sin svenskundervisning for finskspråklige elever. En viktig suksessfaktor viste seg å være de *holdningene* til svensk som kommer til uttrykk fra skoleledelsen og lærerhold, også fra andre lærere enn språklærerne. I tillegg gir elevene i undersøkelsen helt klare anbefalinger til en styrket undervisning i svenskfaget. De ønsker mer trening i praktisk svensk språkbruk og språkforståelse med vekt på kommunikasjon. Elevene tar derfor til orde for økt bruk av svensk i undervisningen og at læreren bruker dialoger og tekster som er autentiske og ikke utviklet til pedagogisk formål.

Lignende synspunkter fra elevhold kommer til uttrykk i den islandske undersøkelsen *Kan du lide dansk?* fra 2012. Undersøkelsen er gjort av en islandsk student som vant en pris for beste oppgave på bachelornivå med et nordisk språkperspektiv under den nordiske språkkampanjen i 2011, og studien har derfor selvsagt et mye mindre omfang enn det finske prosjektet. Undersøkelsen er likevel interessant, for den peker på mange av de samme forholdene som i den finske undersøkelsen. I den islandske undersøkelsen ble elevenes holdninger til danskfaget og til deres egen danskundervisning undersøkt. Resultatene viste at selv om elevene ga uttrykk for negative holdninger til danskfaget som sådant, stilte de seg positive til danskundervisningen de hadde mottatt, typisk fordi læreren hadde lagt vekt på relevante kommunikasjonssituasjoner og hverdagsdansk. *Fortellingen* om et språkfag er altså (heldigvis) ikke alltid det samme som den reelle *opplevelsen* av samme fag.

Læreplanene – ut med det nordiske?

Mange lærere og elever tenker på norskfaget som et fag som er bygd opp etter *LEGO-klossprinsippet*. Problemet med å tenke på faget som bestående av selvstendige moduler som kan byttes ut etter for godtbe-finnende, er at det kan gjøre det fristende enkelt å fjerne enkeltelementer uten at det tilsynelatende skader sammenhengen. Det vil da være viktig å fastholde at det nordiske både dreier seg om nabospråklæring og å se det egne i et nytt perspektiv, og at denne sammenhengen forsvinner dersom enkeltelementer ukritisk legges bort.

Nabospråkperspektivet i norskfaget dreier seg altså grunnleggende om å trene lytte- og leseforståelsen. På et overordnet nivå innebærer det å gi elevene noen redskaper til å avkode språklig variasjon, også selv om det dreier seg om et *utenlandsk* språk, ikke *bare* en norsk dialekt. Men

det er like viktig for motivasjonen at språkasppektet også inngår i andre faglige aktiviteter, det er ikke alene et mål i seg selv å kunne forstå andre skandinaviske språk. Elevene må oppdage at de trenger språkkompetanse for å kunne samhandle med andre: Det må demonstreres at språk faktisk er nyttig for noe.

Skolens fortelling om Norden har tradisjonelt vært tekstbasert og har fokusert på historie og kulturtradisjon. Det man typisk har lest, har vært skjønnlitteratur, særlig klassikere. Dette kan selvsagt gi et perspektiv på kulturtradisjonen. Men det skal ikke glemmes at det nordiske perspektivet i læreplanene for norskfaget også i høy grad er kommunikasjonsorientert og knyttet til språkbruk i samtiden og hverdagen. Det hele dreier seg kanskje i grunnen om å fremelske en vilje og lyst til språk og språklig mangfold, og for å klare det må man identifisere hvilke motivasjonsfaktorer det er som nettopp gir mot og lyst til å forholde seg til et nabospråk, altså til et språk man i utgangspunktet NESTEN forstår?

Når det er kamp om oppmerksomheten i norskfaget, er det forståelig at det settes spørsmålstejn ved om det er plass til det nordiske i et moderne norskfag. Men med utgangspunkt i at språkkunnskaper ikke står i veien for hverandre, men gjensidig bidrar til å styrke hverandre, kan det nordiske perspektivet i faget bidra til å gjøre elevene mer oppmerksomme på egne språklæringsstrategier. Elevene kan gjennom et sammenlignende nabospråkperspektiv bli mer bevisste på hvordan de kan utnytte sin kompetanse i norsk i møtet med nye språk. På denne måten får de også et nytt blikk for betydningsnyanser og språkbrukspraksiser i eget språk, en bedre forståelse av språklige normdannelser osv. Det er derfor ikke nødvendig å slanke vekk det nordiske perspektivet fra norskfaget, og man kan kanskje heller si at det til og med kan gi «språklige muskler» om det brukes på riktig måte.

Mange av de samme argumentene som brukes mot sidemål i Norge, møter vi også i diskusjonen om det nordiske perspektivet i læreplanen. Også her kan nabospråkundervisningen bidra til en bevisstgjøring av elevene når det gjelder å analysere koblingen mellom språk og samfunn.

Satsing på språkundervisning speiler i stor grad samfunnets syn på språkene undervisningen omfatter. Med en ny didaktisk tilnærming og nye materialer for nabospråkundervisningen tar vi det nordiske språkfelleskapet på alvor. Vi tar også norsk språk på alvor.

Litteratur

Delsing, Lars-Olof og Katarina Lundin Åkesson: *Håller språket ihop Norden?*, Nordisk ministerråd, København 2005

Deklaration om nordisk språkpolitikk, Nordisk ministerråd, København 2006

Guðrún Tinna Ólafsdóttir: *Kan du lide dansk? En undersøgelse af unge islændinges holdning til danskfaget i folkeskolen*, masteroppgave, Háskóli Íslands, Reykavík 2010

Lärarnas Riksförbundet 2012: *Sverige måste satsa på klassisk bildning*, debattartikkel til en spørreundersøkelse fra Skolverket i 2011, Stockholm 2012

Nordfag-nettverket: *Den nordiske skolen – fins den?*, København 2012

Språkrådet, Norge 2011: *Norsklæreres holdning til eget fag*, spørreundersøkelse gjennomført høsten 2010

Svenska i toppen, forskningsprosjekt ved Helsingfors universitet og Svenska handelshögskolan, Helsingfors 2010

DEL TO:
DEI NORDISKE SPRÅKA

Nabospråka – dansk og svensk

Torbjørn Breivik

Fem av språka som blir snakka og skrivne i Norden i dag, har same opphav. Fram til kring 700-talet snakka dei som budde i Norden, eit nordisk språk som alle forstod, og det var ikkje særleg store skilnader i ordforrådet og uttalen. I tida mellom 700–800-talet og fram mot år 1000 utvikla språka seg slik at ein rundt år 1000 kunne konstatere at det no var tydelege skilnader mellom språket i dei vestlege områda i Norden og språket i dei austlege. I dag er situasjonen at talt norsk, svensk og dansk er gjensidig forståeleg, medan islandsk og færøysk ikkje er forståeleg for nordmenn, svenskar og danskar. Skriftleg norsk, svensk og dansk er langt på veg gjensidig forståeleg, men ikkje skrivne islandsk og færøysk.

I Noreg er det akseptert å bruke dialekt i radio og TV, og i skrift brukar vi dei to offisielle normene bokmål og nynorsk. Nordmenn er vane med å høyre ulike dialektar og forstå dei. Det gjer at vi lettare også forstår naboane våre: Svensk er ikkje så ulikt norsk når det gjeld uttale, og skrivne dansk liknar mykje på bokmål. Dansk uttale er ei utfordring for nordmenn, og svensk kan by på utfordringar når det gjeld kva ord betyr.

Korleis ser du om teksten er svensk eller dansk?

Med norsk i botnen vil skriftleg dansk vere lettare tilgjengeleg enn skriftleg svensk, men talt svensk er lettare å forstå for ein nordmann enn talt dansk. Det er nokså greitt å sjå om ein tekst er svensk eller dansk.

Leit etter ord med bokstavane æ og ø. Svenskane brukar skrivemåten ä og ö. I alfabetet blir dei sorterte etter å, noko som er nyttig å vite om du skal slå opp i ei ordbok, ein katalog på nettet eller liknande. Om du finn orda *här* (*her*) og *är* (*er*), og du ser ut frå samanhengen at dei må bety *her* og *er*, har du ganske sikkert ein svensk tekst framfor deg. Du kan bruke dei same orda til å skilje mellom svensk og dansk. Dansk skriv nemleg desse orda slik vi gjer på norsk.

For å kunne skilje mellom norsk og dansk må du sjå etter andre ting. Begynn med å leite etter ord med *æ*. Finn du mange ord med *æ* der du på norsk ville ha venta å finne *e*, er du på rett spor. Den teksten er sannsynlegvis dansk. Ein test er å finne ord som *lese* og *felles*, som på dansk blir skrivne *læse* og *fælles*. Du kan også bruke andre bokstavar: Norsk og svensk brukar nesten alltid *p*, *t* og *k* i ord der danskane brukar *b*, *d* og *g*. Orda *gap*, *fot* og *rik* er like i norsk og svensk, men på dansk blir dei skrivne *gab*, *fod* og *rig*. Finn du ein stor *I* (= *de*) åleine som ord, har du ganske sikkert ein dansk tekst framfor deg. Finn du i tillegg *jeres* (= *dykker*), kan du vere heilt sikker på at teksten er dansk.

Dansk

Dansk er morsmål for rundt fem millionar danskar, og det er eit viktig andrespråk på Island, Færøyane og Grønland. Dansk er også eit minoritetsspråk i Nord-Tyskland, der om lag 50 000 personar har dansk som morsmål.

Dansk uttale

Dansk er det nordiske språket som nordmenn (og svenskar) har størst problem med å forstå, og hovudårsaka er den danske uttalen. For oss norske er det sjeldan noko problem med å lese dansk, men å forstå talt dansk er noko heilt anna. Ei forklaring er at det er stor skilnad mellom dansk skrift og dansk tale. Endingar og trykksvake stavingar blir ofte borte i munnleg dansk, og det kan gjere det vanskeleg å høyre kvar eit ord begynner og endar.

Når det kan vere vanskeleg å forstå dansk for eit uøvd øyre, så heng det saman med det som vert kalla *konsonantsvekking* og *vokalsvekking*. Det siste betyr at vokalar i slutten av eit ord vert vekke eller får sterkt redusert uttale. Eitt døme er verbet *koge* (koke), der *-e* til slutt ikkje høyrer. Verbet vert uttalt som /kâu/. Her ser – eller høyrer – vi også at konsonanten *-g-* har blitt endra til det som vert kalla ein halvokal: *-u-*. Det er dette siste som heiter konsonantsvekking. (Dømet er henta frå Monica Äikäs: «Den svåra dansken» i *Norsklæraren* 1/2012.)

Å telje på dansk

Når ein danske tel og reknar høgt, får andre nordbuar vanskar med å skjøne kva som blir sagt. Men det er berre nokre få ord som er problemet: halvtreds, tres, halvfjerds, firs og halvfems. For oss verkar dei uforståelege, men det danske systemet byggjer på tjuetal, ikkje tital,

som vårt talsystem. Tjue på dansk heiter *snes*, som vårt sneis (= 20), og det heiter *snese* i fleirtal. Når så ein danske seier *tres*, er det ei samantrekking av *tre snese*, og tilsvarende er *firs* ei samantrekking av *fire snese*. *Halvtreds* betyr altså *tre snese* minus ei halv *snes*. Ser du systemet? Ikkje? Då må du berre lære deg orda:

20: *tyve*

30: *tredve*

40: *fyrre*

50: *halvtreds*

60: *tres*

70: *halvfjerds*

80: *firs*

90: *halvfems*

100: *hundrede*

Kva er systema i uttalen?

Fleire vokalar blir uttalte ulikt i dansk og norsk. Ein lang *a*-lyd blir som ein norsk *a* og ein svensk *ä*. Den norske og svenske *u*-lyden finst ikkje i dansk. Der blir *u* uttalt meir som ein *o*. I dansk er *d* etter *l* og *n* vanlegvis stum i ord som *ild*, *land* og *under*.

Eit ord som begynner på *g* eller *k*, skal alltid uttalast med *g*- og *k*-lyd, og ikkje som i norsk og svensk. Eit ord som *gælder* blir stava heilt likt med svensk, medan norsk brukar stavinga *gj*-. Stavinga *gj*- i norsk viser at uttalen er *j*-lyd (*g*-en er stum). I dansk skal dette ordet uttalast med ein hard *g*-lyd, som alle andre danske ord som begynner med *g*-.

Konsonantane i kombinasjonar som *sk*-, *skj*- og *stj*- skal alltid uttalast kvar for seg på dansk, medan norsk og svensk gjerne dreg saman lydane til ein *sj*-lyd.

Dansk skrift	Dansk uttale	Norsk skrift (bokmål)
løg	løg	løk
lov	lào	lov (uttales låv)
vej	vaj	vei eller veg (uttales vei)
nøgle	nå:jle	nøkkel
meget	majeð	meget

Kva er likt, og kva er ulikt?

På dansk heiter det vanlegvis *hinanden* (sjølv om *hverandre* også blir brukt av og til), på svensk heiter det *varandra* og på nynorsk *kvarandre*. I eldre skandinavisk var det ein skilnad mellom *hinanden* og *kvarandre*. Ein helste *hinanden* om ein omtalte to personar, men brukte *kvarandre* om ein snakka om tre eller fleire. *Kvarandre* var ei fleirtalsform som vann fram i svensk og norsk, medan *hinanden* vann fram i dansk.

Svensk

Om lag ti millionar menneske snakkar svensk, noko som gjer svensk til det mest utbreidde språket i Norden. Dagens rikssvensk byggjer på dialekten som blei talt i Midt-Sverige på 1800-talet. Framleis er dei lokale dialektane i bruk, og skånsk og gotlandsk er to lett gjenkjennelege svenske dialektar. Skånsk er lett å kjenne att med sin skarre-r, medan gotlandsk er kjent for diftongar og endåtil triftongar. I godtlandsk heiter det *haust* i staden for *höst*, *stain* i staden for *sten* og *houis* i staden for *hus*.

Svensk er også eit minoritetsspråk

I Finland snakkar om lag 300 000 personar svensk, og svensk er eit av dei to offisielle språka i Finland. Alle finske barn må lære svensk i minst tre år på skulen. For mange nordbuar er den svenske dialekten som blir snakka i Finland – finlandssvensk – lettare å forstå enn rikssvensk, og grunnen kan vere at uttalen av finlandssvensk ligg nærare skriftspråket.

Korleis forstå svensk?

Svenskar har ein tendens til å dra saman ord og stryke ein del bokstavar. *Vasaru?* skal oppfattast som *Vad sa du?* (Kva sa du?). *Vaffschkaduntegåmä?* betyr *Varför ska du inte gå med?* (Kvifor blir du ikkje med?). For eit utrena øyra kan det vere vanskeleg å oppfatte.

I svensk som i norsk finst det ein del stumme bokstavar: I orda *hjelp*, *djup*, *ljum* og *gjorde* er første bokstaven stum som på norsk. G blir ofte uttalt med ein j-lyd. Sj-lyden har ikkje nokon eigen bokstav, men blir skriven med ulike konsonantkombinasjonar om lag som den norske sj-lyden med sk, sj, stj og skj.

I norsk skil vi gjerne mellom formell og uformell skrivestil. Den svenske stilen er ofte så uformell at andre kan oppfatte språket som fullt av

slang og sjargong. Skriftspråket er ganske kvardagsleg. Helsinga *hej* kan du bruke overalt og i alle samanhengar, og ord som *kille*, *tjej*, *fralla* og *fika* er heilt akseptable, sjølv i skriftspråket.

Fleirtalsendinga i substantiv er ofte *-ar* i svensk. Infinitivforma av verba endar på *-a*. Her er svensk meir likt på nynorsk enn på bokmål og dansk, som har *-er* og *-e*. Svensk brukar også bokstaven *x* der norsk og dansk vanlegvis har *-ks-*. Vi finn også mange og lange konsonantkombinasjonar i svensk.

På nettstaden Norden i skulen (nordeniskolen.org) finn du nokre korte tekstar som kan brukast til å samanlikne skrivemåtane i dansk, svensk og norsk (bokmål og nynorsk). Her får du også tilgang til ei lita nordisk ordbok (miniordbok.org) med innlesne forklaringar på nabospråka.

«Falske venner»

Nokre ord blir skrivne likt på norsk og svensk eller på norsk og dansk, men ein kan bli lurt fordi dei kan ha heilt ulik betydning. Vi kallar dei ofte «falske venner», og her får du ei lita liste over slike ord.

Norsk (bokmål)	Betydning på svensk	Betydning på dansk
rolig	morsom	rolig (som i norsk)
bløtkake	tårta	lagkake
bondesjakk	luffarschack	kryds og bolle
frokost	frukost	morgenmad
semester	termin	semester
ferie	semester	ferie
morsom, artig	rolig, trevlig	morsom, sjov
skjørt	kjøl	nederdel
kjole	klänning	kjole

Når ein skal forstå eit nabospråk, er det kanskje mogleg å forstå kvart ord, men sjølve meininga kan gleppe fordi ein uttrykkjer seg annleis på det aktuelle språket enn det vi gjer på norsk. Du finn fleire «falske venner» og omtale av ulike uttrykksmåtar i publikasjonen «Att förstå varandra i Norden», som ligg på nettstaden til Nordisk språkkoordinasjon (nordisksprogkoordinatoin.org). Du kan også slå opp i Norstedts skandinaviska ordbok om du finn ho på eit bibliotek. Ho har rundt 10 000 oppslagsord som alle er omsette til og frå dansk, norsk og svensk.

Arbeidsoppgåver

1. Nedanfor finn du ein kort tekst på svensk, nynorsk, bokmål og dansk.
2. Finn døme på eit substantiv som blir bøygd ulikt i dansk, svensk og norsk (bokmål og nynorsk).
3. Finn du døme på at eit substantiv kan vere likt på to av språka, men ikkje på det tredje?
4. Finn døme på verb som blir bøygde på ulike måtar i naboSpråk.
5. Les tekstane nedanfor. Kva er lett/vanskeleg i dei fire tekstane?

Svensk:

Svenskar, norrmän och danskar förstår varandra ganska bra. De har större problem med isländska, trots att isländskan liknar det skandinaviska språket som talades för tusen år sedan. Isländskans närmaste släkting är färöiskan, men språken är inte så lika att en islänning förstår en färing utan problem.

Nynorsk:

Svenskar, nordmenn og danskar forstår kvarandre ganske bra. Dei har større problem med islandsk, sjølv om islandsk liknar det skandinaviske språket som vart snakka for tusen år sidan. Færøysk er det språket som er nærast islandsk, men språka er ikkje så like at ein islending forstår ein færøying utan problem.

Bokmål:

Svensker, nordmenn og dansker forstår hverandre ganske bra. De har større problemer med islandsk, til tross for at islandsk ligner det skandinaviske språket man snakket for tusen år siden. Islandskens nærmeste slektning er færøysk, men språkene er ikke så like at en islending forstår en færøying uten problemer.

Dansk:

Svenskere, nordmænd og danskere forstår hinanden rimelig godt. De har større problemer med islandsk, selvom islandsk ligner det skandinaviske sprog som taltes for tusind år siden. Nærmest beslægtet med islandsk er færøsk, men sprogene er ikke så ens at en islænding forstår en færing uden problemer.

Andre språk i Norden

Norden i skulen/Torbjørg Breivik

Islandsk

Talet på brukarar: ca. 320 000

Eksportord: geysir og berserk

Å halsa på islandsk: halló eller góðan daginn

Vanskeleg å seia: Það fer nú að verða verra ferðaveðrið (det kjem til å bli verre reisevêr)

Det islandske alfabetet

Ei sak som skil islandsk frå dei skandinaviske språka, er talet på bokstavar i alfabetet – det har heile 32 bokstavar, sjølv om korkje c, q, z eller w er med. Fleire av vokalane har ein aksent, som i orda *árum*, *rót* og *þúsund*, og dei blir uttalt med ein eigen lyd. *Á* skal uttalast som diftongen /au/, *ó* skal uttalast som /ou/, medan *ú* liknar ein norsk o-lyd.

I tillegg har islandsk (som færøysk) to teikn som ein ikkje finn i dei skandinaviske alfabeta, nemleg *þ* (thorn) og *ð* (ed). Medan *ed* er ein variant av bokstaven d, er *thorn* ein rest frå det gamle runealfabetet. I ein periode blei thorn brukt i engelsk for å markera th-lyden i ord som *think* og *thing*. Lyden finst ikkje i dei skandinaviske språka, men han har ein klar funksjon i islandsk. Det er grunnen til at bokstaven blei med då islendingane gjekk over til det latinske alfabetet.

Islandsk endrar seg ... sakte

Islandsk er det språket som liknar mest på det gamle nordiske talespråket som blei brukt i heile Norden for tusen år sidan. Ein islending kan til og med forstå tekstar frå 1200-talet utan større problem. Grammatikken er stort sett uendra, til dømes med fire kasus (nominativ, genitiv, akkusativ og dativ). Det gjer at substantiva får langt fleire moglege bøyingsendingar enn i dei skandinaviske språka. Bøyinga av substantiva blir ikkje bestemt berre ut frå kasus, men også ut frå kjønn (hankjønn, hokjønn, inkjekjønn) og om ordet har sterk eller svak bøying. Bøyinga blir også endra i bestemt og ubestemt form og i fleirtal. Orda

har rett og slett mange bøyingsendingar, og dei som vil læra seg islandsk, må berre pugga bøyingsendingane.

Det finst fleire grunnar til at islandsk har endra seg saktare enn svensk, norsk og dansk. Ein grunn er at islandsk blir talt på ei øy som har vore isolert gjennom historia. Språket har ikkje vore like mykje utsett for press frå andre land og språk. Ein annan grunn er det kompliserte bøyingsystemet, som gjer islandsk mindre mottakeleg for lånord. Det blir vanskeleg å tilpassa framande ord. Ein tredje og svært viktig grunn er at islendingane aktivt vernar språket sitt og vil halda på det.

Islandske ord i staden for lånord

Når islandsk treng eit nytt ord eller omgrep, lagar ein nye islandske ord. Nokre gonger gir dei gamle ord ei ny tyding, eller dei omset tydinga direkte til islandsk. *Far* tyder til dømes flytta, og *sími* tyder tråd. Då telefonen blei populær i byrjinga av 1900-talet, blei samansetjinga *farsími* laga. World Wide Web – altså WWW – heiter *veraldarvefurinn* på islandsk og er ei direkte omsetjing som tyder verdsveven.

Men islandsk er ikkje heilt fritt for lånord. Det heiter til dømes *blogg* og *videó* på islandsk. Ein konservativ språkvernar kan kalla ein pizza for *flatbaka* (eller pítsa), men det er eit ord som ikkje har fått gjennomslag hos folk flest. Det verkar heller ikkje som den islandske stavemåten pítsa slår igjennom. Dei fleste pizzeriaar i Reykjavík held fram med å servera pizza med to z-ar.

Her er nokre døme på kreative islandske ord. Søk gjerne etter fleire på nettet:

<i>datamaskin</i>	<i>tölva</i> (av volve og tal, som tyder spåkvinne og tal)
<i>demonstrera</i>	<i>halda kröfugöngu</i> (ta til motmæle, stilla krav)
<i>helikopter</i>	<i>þyrlla</i> (snurra rundt)
<i>kontor</i>	<i>skrifstofa</i> (skrivestove)
<i>teater</i>	<i>leikhús</i> (spelehus)
<i>pass</i>	<i>vegabréf</i> (vegbrev)
<i>margarin</i>	<i>smjörliki</i> (noko som liknar på smør)

Jamfør språka

Den islandske versjonen av teksten som er brukt elles i desse kapitla, ser slik ut:

Svíar, Norðmenn og Danir skilja hver annan nokkuð auðveldlega. Þeir eiga í meiri vandræðum með íslensku þrátt fyrir að íslenskan líkist skandinavíska málinu sem talað var fyrir þúsund árum síðan. Nánast í ættingi íslenskunnar er færeyskan en tungumálin líkjast þó hvort öðru ekki svo mjög að Íslendingur geti skilið Færeying án vandræða.

Jamfør den færøyske teksten med den islandske. Du vil sjå at mykje er likt, men du vil også finna nokre skilnader. Legg til dømes merke til at *meinung* heiter *meinung* på færøysk (om lag som på svensk og på nynorsk), men *setning* på islandsk (om lag som på norsk bokmål og på dansk).

Om du ikkje har studert islandsk, er teksten vanskeleg å forstå. Nokre ord kjenner du igjen. *Fyrir þúsund árum síðan* tyder sjølv sagt *for tusen år sidan*. Nasjonalitetsnamna svenskar, nordmenn og danskar er også nesten dei same, sjølv om dei blir skrivne med stor bokstav på islandsk.

Er det andre ord du kan identifisera? Kva heiter til dømes *språk* på islandsk? Kva trur du *ýmislegt* tyder? Eller *sérflokki*?

Færøysk

Tal på brukarar: ca. 75 000

Eksportord: grindkval

Á halsa på færøysk: góðan dag

Vanskeleg á seia: eitt heitt, nýbakað byggfreyð (eit varmt, nybaka byggbrød)

Stor skilnad mellom tale og skrift

Ein som kan islandsk, forstår ein heil del av ein færøysk tekst, men har større vanskar med å forstå færøysk talespråk. Det kjem delvis av at det alltid har vore stor skilnad mellom færøysk skriftspråk og færøysk talespråk. Dansk var det dominerande skriftspråket på Færøyanne i fleire hundre år, og fram til slutten av 1800-talet eksisterte færøysk berre som talespråk. Då stavemåten blei normert, hadde ein to rivaliserande alternativ: Eitt baserte seg på språkhistoria og eitt på talespråk-

ket. Den historiske lina vann, og det førte til at skriftspråket blei oppfatta som gammaldags heilt frå starten.

Eit døme på dette er at færøyingane bruker bokstavane *ð* og *g*, trass i at dei ikkje finst i uttalen. I islandsk blir dei både skrivne og uttalte. Då færøyingane bestemte seg for å bruka *ð* og *g*, var det altså av historiske årsaker, ikkje praktiske. Resultatet er at færøyske barn har problem med å læra seg å lesa og skriva. Mange ungdommar vil helst lesa skjønnlitteratur på engelsk eller dansk, sjølv om færøysk er det naturlege morsmålet for alle som veks opp på Færøyane. Skriftspråket blir opplevd som altfor tungt, høgtidleg og vanskeleg å forstå.

Islandsk og færøysk

Færøysk grammatikk har mange likskapar med den islandske og den norrøne grammatikken. Kasussystemet er det same, og det same er bøyning i kjønn. Det er ein tendens til at den færøyske grammatikken blir forenkla raskare enn den islandske. Genitiv er til dømes uvanleg i moderne færøysk.

Færøysk har vore opnare for lånord, særleg frå dansk, men også frå engelsk. Ein person som kan eit skandinavisk språk, forstår difor fleire ord i ein færøysk tekst enn i ein islandsk. Den store skilnaden mellom færøysk og islandsk finn ein i uttalereglane. Eit døme er at dei færøyske vokalane endrar lyd kvalitet når dei blir forkorta. Den maskuline forma av adjektivet *stórirur* blir uttalt med diftong (*staurur*), medan den nøytrale forma *stórt* blir uttalt med ein enkel *ø*-lyd (*stört*). I islandsk er uttalen lik i begge døma, nemleg *stáor* og *stáort*.

Eit lite, men levande språk

Færøysk er det minste av dei nordiske språka som er i bruk. Det er om lag 75 000 menneske som snakkar færøysk. Av dei er vel halvdelen (48 000 personar) færøyingar som framleis bur på Færøyane. I tillegg er det mange færøyingar som har flytta utanlands, særleg til Danmark og dei andre nordiske landa.

Sjølv om talet på brukarar er lågare enn talet på innbyggjarar i ein skandinavisk småby, er språket i høgste grad levande og veldokumentert. Det finst ein rik færøysk litteratur, og i dei seinare åra har det kome omfattande ord- og grammatikkbøker. Den største færøyske ordboka er fritt tilgjengeleg på nettet. Alle som vil læra seg språket, kan

melda seg på eit sommarkurs på den færøyske høgskulen i hovudstaden Tórshavn.

Ser du likskap med dansk, norsk (bokmål eller nynorsk) og svensk? Denne teksten er den same som i kapittelet om nabospråka våre. Om de samanliknar teksten på dei skandinaviske språka, ser de at mykje er likt mellom dei, men kva med den færøyske versjonen?

Sviar, norðmenn og danir skilja heilt væl hvønnannan. Teir hava størri trupulleikar við íslendskum, hóast íslendskt líkist tí skandinaviska málinum, ið varð tosað fyri túsund árum síðan. Næstringur hjá íslendskum er føroyskt, men málini eru ikki so lík, at ein íslendingur skilir ein føroying uttan trupulleikar.

Og kva trur du at *trupulleikar* tyder?

Grønlandsk

Grønlandsk er ikkje eit nordisk språk, men vi tek det med her av fleire grunnar. Grønland har vore nær knytt til Danmark i mange hundreår, og har dermed ein kultur og eit språk som har blitt sterkt prega av eit nordisk «kolonispråk». Ei samanlikning mellom grønlandsk og nordiske språk får også godt fram at språk kan vere svært ulike, trass i nær geografisk avstand.

Tal på brukarar: ca. 55 000


Eksportord: anorakk, iglo og kajakk

Å helsa på grønlandsk: inuugujog, kutaa eller haluu

Vanskeleg å seia: Taskeqakataqaanga (eg er lei av å bera denne ryggsekken)

Grønlandsk er som eit byggesett

Grønlandsk – eller kalaallisut, som grønlendarane sjølve kallar språket sitt – liknar ingen andre språk som du har høyrte eller sett. Det ser du fort ved å kasta eit blikk på eksempleteksten, som du finn til slutt i dette kapittelet. Han har berre 72 ord. Til samanlikning har til dømes den danske omsetjinga 108 og den finske 90. Til gjengjeld er orda svært lange. Forstår du nokon av dei? Kva betyr paaseqatigiillu-arsinnaapput? Eller oqaatigineqarsinnaammata?



At orda er så lange, kan ein forklara med at grønlandsk er eit polysyntetisk språk. Med det meiner vi at delar av ord og bøyingar kan sveisast saman til lange kjeder av ord. Eit døme er qimmersuaqarusunngilaq, som betyr Han vil ikkje ha ein stor hund. Dei fleste grønlandarane har sannsynlegvis aldri brukt akkurat dette ordet, men dersom dei skulle ha bruk for det, kan dei utan problem forma det. Dei kan også forstå ordet dersom det dukkar opp i ein tekst, fordi dei kan identifisera dei ulike delane i ordet. Qimmeq betyr hund, quaq betyr stor, qar betyr har, nngi betyr ikkje, og gusup betyr å ønska.

Motpolen til grønlandsk språk er kinesisk. Kinesisk har nesten ikkje bøying eller endingar i orda. Grammatiske element blir i staden uttrykte med einskilde ord eller teikn. Medan språk som grønlandsk blir kalla syntetiske, kallar ein språk som kinesisk for analytiske.

Reindyrka syntetiske eller analytiske språk er svært sjeldne. I nesten alle språk finst det både syntetiske og analytiske trekk. I svensk og norsk blir til dømes endingar brukte for å uttrykkja bestemt eller ubestemt form, medan ein på engelsk bruker ordet the for å visa at ordet det står til, har bestemt form. Svensk og norsk har derimot mange frittstående preposisjonar, der ein i finsk heller bruker bøyingendingar som blir hengde på ordstamma.

Dei næraste språkslektningane

Grønlandsk er opplagt eit spesielt språk, men det finst likevel nokre andre språk som kan seiast å vera i slekt med grønlandsk. Språkfamilien blir kalla eskimoisk-aleutiske språk og blir brukte av rundt 100 000 menneske, og om lag halvdelen av desse er grønlandarar. Menneska som bruker desse språka, er spreidde over eit stort område i nord: frå Sibir i Russland via Grønland til Canada og Alaska i Nord-Amerika. Det nest største eskimoisk-aleutiske språket heiter inukitut og blir brukt av om lag 20 000 menneske i Canada. Grønlandsk, inukitut og dei andre språka i denne språkfamilien er såpass like at dei er innbyrdes forståelege.

Det er derimot ikkje like enkelt for alle grønlandingar å forstå kvarandre. Skilnadene mellom dei vestgrønlandske og dei austgrønlandske dialektane er store, og med tanke på dei geografiske avstandane er ikkje det så merkeleg. Grønland er dryge 2 millionar kvadratkilometer og den største øya i verda.

Språkleg press frå dansk

Då Grønland blei kolonisert av Danmark på 1700-talet, blei det grønlandske språket utsett for sterk konkurranse med dansk. Det kom ikkje frå noka massiv innflytting av danskar (det bur ikkje meir enn ca. 7000 danskar på Grønland), men frå det at dansk språk blei teke i bruk i alle offisielle samanhengar. Fordi grønlandsk ikkje blei snakka til dømes i skulane, i kyrkjene, i næringslivet eller av dei styrande politikanane, blei heller ikkje viktige nye ord og omgrep utvikla. Grønlandsk var på veg til å bli eit språk som berre var til bruk i heimen og i den private sfæren.

Det er gjort ein stor innsats for å styrka og bevare det grønlandske språket dei siste førti åra. Grønlandsk blei offisielt språk på Grønland ved sida av dansk då det grønlandske heimestyret blei oppretta i 1979. Då heimestyret blei gjort om til sjølvstyre i 2009, blei statusen for det grønlandske språket styrkt gjennom ei eiga språkløve, og grønlandsk er no det einaste offisielle språket på Grønland. Det betyr at alle barn på Grønland får all undervisning på grønlandsk. Språket blir også brukt på det grønlandske universitetet (Ilisimatusarfik) og i sjølvstyreforsamlinga (Inatsisartut). Trass i at UNESCO ser grønlandsk som eit av dei trua språka, er stillinga meir stabil enn nokon gong. Det finst mellom anna ein rik litteratur skriven på grønlandsk.

Nedanfor ser du same teksten på grønlandsk som du har sett på dei andre språka. Finn du noko som er likt, i det heile?

Svenskit, norskit qallunaallu imminnut paaseqatigiilluarsinnaapput, Islandimiulli oqaasiinik paasinninnissaq ajornartorsiutiginerusarlugu, uffa ukiut tusindit matuma siorna Skandinaviami oqaatsinut Islandimiut oqaasii assingugaluartut. Islandimiut oqaasiinut qaninnerpaat tassaapput Savalimmiormiut oqaasii, taamaakkaluartorli oqaatsit ima assigiitsiginngillat Islandimiup Savalimmiormioq ajornartorsiuteqanngitsumik paasisinnaallugu.

Nyttige ressursar i nabospråkundervisninga

Torbjørgh Breivik

Nettstaden Norden i skulen (www.nordeniskolen.org)

Norden i skulen er ei gratis undervisningsplattform som gir lærarar og elevar i alle dei nordiske landa tilbod om heilt nye måtar å arbeida med nabospråka dansk, norsk (bokmål og nynorsk) og svensk på. Innhaldet er gruppert etter alder og tilpassa læreplanane frå tredje årstrinn i grunnskulen til avslutta vidaregåande skule. Som lærar kan du finna gode undervisningsopplegg, mykje fakta om språk- og kulturtilhøva i Norden og samstundes forslag til aktivitetar som er morosame for elevane. Du finn også spel og oppgåver elevane sjølve kan halda på med. Innhaldet er enkelt å bruka og viser at nabospråkundervisning er meir enn vanleg morsmålsundervisning.

Tematisert innhald

I tekst- og filmmaterialet finn du eit breitt utval av nordisk litteratur så vel som musikkvideoar og kortfilmar. Desse bidreg til å auka lese- og lytteforståinga, samstundes som dei gir innsikt i mangfaldet i den nordiske kulturen. Innhaldet er delt i overordna tema som danner samanhengar på tvers av språka. Til alle delane av innhaldet er det laga arbeidsoppgåver som skal hjelpe elevane med å halda konsentrasjonen både om verka og om språka.

Miniordbok og opplesing

Norden i skulen er innretta mot talt språk og lytteforståing. Å forstå talespråket er svært viktig, men ofte oversett i nabospråkundervisninga. Innspelte, opplesne tekstar gir elevane høve til å lytta til tekstane. I miniordboka kan dei sjå kva kvart ord betyr, få ei forklaring på det og høyra korleis ordet og forklaringa høyrer ut på det aktuelle språket. Ei spennande samling nordiske kortfilmar og musikkvideoar gir også elevane sjansen til å høyra språket i ein naturleg samheng.

Spel og språk

Norden i skulen tilbyr også faktakunnskap om dei nordiske språka. Ei språkhistorisk tidslinje gir rom for å reisa fram og tilbake i språkhisto-

ria. Ei litterær tidslinje gir innblikk i den nordiske litteraturhistoria. Ei rekke nyutvikla språkdidaktiske spel stimulerer interessa for språka og gjer læringsprosessen aktiv, levande og gøy. Elevane kan til dømes «skyta sund» språka i spelet *Plaff*, eller dei kan skapa sin eigen tekst i *Klippedikting*. I spelet *Norden rundt* kan elevane testa kva for faktakunnskapar dei har om Norden, medan øyro deira blir trenea i å høyra uttalen på dei andre språka. I *Norden rundt* kan du som lærar utfordra elevane på fakta, du kan oppmoda dei til å spela mot andre elevar (i Noreg eller Norden) i same spel. Å spela med jamaldrande i ein vennskapsklasse kan vera ei god byrjing på eit samarbeid på nettet.

Vennskapsklassar og nettpprat på video

Den beste språklæringa skjer når språket er i aktiv bruk. På *Norden i skulen* kan du som lærar finna ein nordisk vennskapsklasse og innleia eit samarbeid som kan gi undervisninga ein heilt ny dimensjon. Elevane kan møta kvarandre i det virtuelle klasserommet, der dei både kan prata på nettet via video, og der dei kan skriva til kvarandre. Gjennom naturleg kommunikasjon (munnleg eller skriftleg) får elevane viktige språklege erfaringar som tradisjonell nabospråkundervisning ikkje kan tilby.

Ønskjer du som lærar å gjera meir ut av samarbeidet med vennskapsklassen, er det mogleg å søkja økonomisk støtte frå eit av dei nordiske fonda. På *Norden i skulen* finn du eit oversyn over nokre av fonda og kva dei gir støtte til.

Gratis

Norden i skulen er eit ikkje-kommersielt prosjekt. Prosjektet vann i 2011 konkurransen som dei nordiske samarbeidsministrane lyste ut om å utvikla eit konsept som styrker nabospråkforståinga for barn og unge i heile Norden. Nettstaden støttar i tillegg opp om ei rekke andre kompetansemål i læreplanane, og han kan brukast i mange ulike undervisningssituasjonar gjennom skuleåret.

Norden i skulen er gratis å bruka. Kvar lærar må oppretta ein profil for sin klasse, og så er det fri tilgang til innhaldet og oppgåvene som ligg på nettstaden. <http://nordeniskolen.org>

Nordisk miniordbok på nett (www.miniordbok.org)

Jeg tente meg en sigarett, og da jeg kikket opp fra avisen, så jeg røyken smyge seg opp under det gulmalte kjøkkentaket. Egentlig syntes jeg ikke det var noe godt å røyke lenger, men akkurat som med avislesningen greide jeg ikke å slutte med det heller. Etter en god stund hadde jeg likevel fått nok av nyheter om rikfolk og økonomisk snusk og reiste meg fra bordet, sneipet samtidig sigaretten og kikket ut av vinduet igjen. Det grå røyksløret gjorde i et glimt kjøkkenet uvirkelig, som om alt var hyllet inn i en silketåke. Dette er tobakkplantens fortryllelse. Katten kom inn på kjøkkenet for å småspise litt fra skålen sin. Den så bebreidende på meg der jeg sto midt

i den kvelende røyken. Den kunne ikke fordra denne røykingen, og lot meg alltid kjenne at dette var siste sort.

Det gjorde kona mi også.

Jeg stakk røykpakken i lommen og gikk ut i gangen, tok på meg jakken og skoene og grep stokken, denne skotske spaserstokken som hadde vist seg som en god venn etter ulykken.

Det var råere og kaldere ute enn jeg hadde ventet. Selv om vi var langt uti juli var temperaturen knapt mer enn ti grader. Jeg trakk glidelåsen i jakken helt opp i halsen og gikk ut av hageporten med spaserstokken, lukket porten omhyggelig etter meg. Den lille byen sov fortsatt, knapt noe menneske var på farten. Jeg ruslet bortover gaten og forbi posthuset. Det hadde ikke åpnet ennå, og fremdeles var alle butikkene stengt. Når jeg sier alle butikkene, mener jeg egentlig bare to stykker, de to eneste butikkene i denne lille byen.

Over jøkelen i øst lå det et slør av skyer, og man kunne knapt se den raskt vikende jøkelranden. Langt mot sør strakte de grønne markene seg, og der, milevis nedenfor, glitret det i den blygrå sjøen som gikk i ett med himmelen.

Husene var fryktelig søvnige i det grå morgenlyset; de fleste var hvite med røde tak, svært like i bygningsformen, og utenfor dem sto japanske biler.

«Hvordan er det mon tro å være en japansk bil på Island?» tenkte jeg. Jeg gikk sakte og lente meg ganske tungt mot stokken. I en sånn bil hadde jeg sittet da jeg kom utfor ulykken. Det var langt herfra. Iblant når jeg tenkte på det, syntes jeg det var bittert at bilen skulle være fra Japan, for helt fra første stund hadde jeg dyrket alt som kom derfra.

Jeg var kommet bort til kyllingfarmen i utkanten av byen, og på den andre siden lå skogdyrkingsområdet, dit jeg hadde tenkt meg. Kyllingfarmen var hvitmalt, slik som resten av husene, men noen hadde skriblet på veggene som vendte mot

gangveien opp til skogdyrkingsområdet. Jeg stoppet opp og leste veggskribleriene.

Jesus var en blind liten hest.
Det er godt å ri troll.

Jeg syntes dette var merkelige veggskriblerier. En god stund sto jeg og leste dem om og om igjen, men greide ikke å finne noen mening i dem. Spesielt la jeg merke til at veggskribleren hadde gjort seg denne ekstra umaken å sette punktum etter setningene, noe som ikke var vanlig for denne typen folk. Jeg ristet på hodet, like klok, og fortsatte videre langs den jordete stien i retning av trærne, pirket med stokken i stien; det virvlet ikke opp noe støv, for denne fuktigheten hadde vært der hele natten.

Trærne tegnet seg som silhuetter mot jøkelenes tåkeslør; mesteparten var lave bartrær, mørkegrønne. Dette var et omtrent tretti hektar stort område med plantede trær, som hadde blitt dyrket på sletten de siste tiårene. *Alt som blomsten den ene, oppskutt av frodig grunn.* For tusener av år siden hadde det vokst en stor skog her, men nå var det bare dette ene feltet, det var barklagte stier på kryss og tvers her, og jeg syntes det var godt å humpe rundt på dem. Jeg stoppet opp på turen, trakk frem en sigarett og tente den, trakk inn røyken og stirret sørover gressletten, blåste røyken ut gjennom nesen akkurat som en gammel pensjonert drage.

Jeg var kommet bort til gjerdet rundt skogdyrkingsområdet. Dette var et piggtrådgjerde, og porten var av jern og hadde en tung slå, grønnmalt i samme ånd som trærne. Jeg løftet slåen med stokken og tok i porten, gikk innenfor. Jeg lukket etter meg, for inn hit måtte man ikke slippe hestene, som befant seg overalt på beitemarkene omkring.

Jeg var alene der inne mellom trærne. Jeg merket ikke

lenger at det var kjølig, men nøt at jeg var ute og gikk, selv om jeg beveget meg langsomt og haltende med stokken. Jeg tenkte plutselig at jeg skulle ringe kona mi på helsestasjonen der hun jobbet, og fortelle henne at jeg var ute og gikk en tur, men lot det være. Det hadde uansett ikke spilt noen rolle for henne.

Bartrær er noen underlige organismer; de er harde å ta på, men utstråler likevel en viss mildhet som omslutter den som går inn mellom dem. I tankene lot jeg som om dette var Alaska, og gjorde trærne litt høyere enn de i virkeligheten var, og når man så på fjellkolossen over tretoppene, var det godt mulig å tenke seg at dette var *et slags Alaska*.

Av en eller annen grunn syntes jeg aldri at det var godt nok å bare være der jeg var. Jeg hadde alltid vært sånn, var alltid nødt til å tenke meg at jeg befant meg på et annet sted. Slik hadde det også vært da jeg kjørte utfor. Jeg hadde sittet der og innbilt meg at jeg var et sted langt borte, og hadde glemt å tenke på veien og kjøringen.

Nå var jeg kommet inn på en lysning i skogen der det var satt opp grill og lekeapparater for folkene i byen, slik at de kunne holde sommerfest. Der, inne mellom trærne, skimtet jeg plutselig omrisset av noe som jeg hadde problemer med å gjenkjenne. Jeg gikk bort dit så raskt jeg bare greide, selv om det verket i hoften. Jeg bøyde meg ned, inn under bartreets hengende grener, for å kunne se bedre hva som lå der.

Det var en hund.

Den var død, og på brystet hadde den et stort sår. Pelsen var blodig og øynene merkelig stirrende, som om den stirret på noe veldig interessant som den ikke på noen måte greide å forstå. Jeg kunne ikke se annet enn at dette var en renraset labrador. Denne hunden hadde jeg ikke sett før, men det var ikke så rart, for jeg var ikke vant til å gå så mye rundt i byen og hadde heller ikke bodd her så lenge, ikke før denne som-

meren, da kona mi hadde fått denne vikarjobben. Vi hadde bodd her en gang for lenge siden, men den tiden befant seg nesten som i et annet liv, det var så fjernt, og mye hadde forandret seg siden den gang.

En stund sto jeg der bøyd over hundekadaveret, så hvordan potene hadde krummet seg i døden. Jeg pirket lett med stokken i ribbeina dens. Den blodige pelsen forflyttet seg under spissen på stokken, jeg merket hvordan den skled over ribbeina.

Hunden var sannsynligvis blitt skutt.

«Hvem vil drepe en sånn skapning?» tenkte jeg.

Så rettet jeg meg opp og gikk den barklagte stien samme vei tilbake igjen, men saktere enn før, og jeg lente meg tyngre mot stokken. Denne bjerkegrenen fra det skotske høylandet hadde fått det spesielle livet etter døden å støtte meg etter en ulykke, som jeg aldri ville komme meg helt over.

Da jeg kom til kyllingfarmen og skulle ta en titt på veggskribleriene igjen, var de borte. Jeg trodde knapt mine egne øyne og gikk nærmere. Da så jeg at det skinte i våt maling der bokstavene hadde stått.

Oppgaver

1. Del inn novella og skriv stikkord for kvar del.
2. Karakteriser hovudpersonen i teksten
3. Korleis tolkar du innskrifta på veggen? Korleis forklare at den er vekke når mannen kjem tilbake?
4. Kva er tema i novella?
5. Korleis høver sitatet om forfattarskapen hans (sjå i forfatteromtalen) med di oppleving av novella? Grunnge svaret.
6. Tolk novella (munnleg presentasjon eller skriftleg innlevering)

Oppgaver til den islandske teksten

1. Les første avsnittet i den islandske teksten. Kjenner du att nokre ord? Skriv ned fem ord som du synest liknar på norsk og samanlikn med kva dei er omsette til i den norske utgåva. Kva skil den islandske skrivemåten og den norske?
2. Kva tyder orda *eldhúsglugganum*, *laufin*, *álmtrénu*, *nóttina*?
3. Kan du bruke ordet *eldhusglugge* på norsk? Og er i så fall tydinga den same som i islandsk? Diskuter kva som skjer når ein skal omsetje ein tekst frå eitt språk til eit anna.

Forfattere

Gyrðir Elíasson (1961-) er ein av Islands viktigaste samtidsforfattarar. Sidan debuten i 1983 har han vore forfattar på heiltid. Han har gjeve ut både kortprosa, lyrikk og romanar. I 2011 fekk han Nordisk Råds litteraturpris for novellesamlinga *Milli trjáanna* (*Mellom trærne*). «Hans forfatterskab rummer digte, noveller og romaner, og til fælles har hans bøger en interesse for det sted, hvor hverdagen tipper over i drøm og fantasi, hvor liv og død interagerer med hinanden. I et komprimeret sprog fortæller Gyrðir historier fra grænselandet mellem det vi kan se, og det vi kun kan ane. Den islandske natur er klangbund og ramme for de fortællinger, der ofte har den lille mand som hoved-person.»
<http://www.forfatterweb.dk/oversigt/gyrthir-eliasson>

DEL FIRE:
TO UNDERVISNINGSOPPLEGG

Thomas Kingo: Sorgen og gleden

Vidar Kristensen

«Mest av alt ønsker jeg å være lykkelig!» Det sier mange. Det er flott å kunne glede seg over livet. Men de fleste av oss er ikke lykkelige bestandig. De fine dagene kan brått ta slutt, og plutselig kan det meste være vondt og vanskelig. Vi opplever at det gode og det vonde kan skifte i livet vårt.

På 1600-tallet levde presten Thomas Kingo i Danmark. Han skrev salmer. Fortsatt er han en av de mest berømte salmedikterne i Norden. En av salmene hans handler om hvordan sorgen og gleden kan skifte. Selv om det er godt over 300 år siden salmen ble skrevet, opplever mange at den sier noe viktig om deres eget liv i dag.

1

Salmen er skrevet på dansk, slik det danske skriftspråket var for 300 år siden. Les to vers av salmen slik Kingo skrev den, og se om du forstår teksten.

Thomas Kingo (1681)

Sorrig og Glæde de vandre tilhaabe,
Lykke, Ulykke de ganger paa Rad,
Medgang og Modgang hin anden anraabe,
Soelskin og Skyer de følgis og ad!
Jorderiigs Guld
Er prægtig Muld,
Himlen er Ene af Salighed fuld.

Alle Ting hâr sin foranderlig Lykke!
Alle kand finde sin Sorrig i Barm!
Tiit ere Bryst, under dyrebar Smykke,
Fulde af Sorrig oh hemmelig Harm!
Alle hâr sit,
Stort eller Lit!
Himlen allene for Sorgen er qvit!

Hvilke ord i teksten synes du det er vanskelig å forstå?
Hva slags system er det i bruken av store bokstaver?
Hva synes du er uvant med rettskrivingen?

2

I Danmark kom det er ny salmebok i 2003. Der er Kingos salme med. Nesten ikke noe er forandret fra 1681, bortsett fra rettskrivingen og et par ord som er skiftet ut. Les teksten slik den kom på trykk i 2003.

Den danske salmebog (2003)

Sorrig og glæde de vandre til hobe,
lykke, ulykke de gange på rad,
medgang og modgang hinanden tilråbe,
solskin og skyer de følges og ad.
Jorderigs guld
er prægtig muld,
Himlen er ene af salighed fuld.

Alle ting har sin foranderlig lykke,
alle kan finde sin sorrig i barm.
Tit er et bryst under dyrebart smykke
opfyldt av sorrig og hemmelig harm.
Alle har sit,
stort eller lidt,
Himlen alene for sorgen er kvit.

Hva gjør at denne teksten er lettere å lese?

Hvilke ord og uttrykk er lettere å forstå?

Hva slags forskjeller i skrivemåten legger du merke til sammenliknet med 1600-tallsteksten?

3

Salmen står i mange norske salmebøker, også i en salmebok som ble utgitt i 2013. I denne boka står teksten på norsk, ikke dansk. Men salmen er egentlig ikke oversatt, bare fornorsket, det vil si at skrivemåten er gjort norsk. Mange av ordene er de samme som Kingo brukte på 1600-tallet, så vi ser med en gang at teksten ikke er skrevet i vår tid. Les den norske teksten.

Norsk salmebok 2013

Sorgen og gleden de vandrer til hope,
lykke og ulykke kommer på rad.
Medgang så ofte på motgang vil rope,
solskinn og skyer de følges òg ad.
Jorderiks gull
er prektig muld.
Himlen er ene av salighet full.

Alle ting har en foranderlig lykke,
alle kan finne en sorg i sin barm.
Ofte er bryst under dyrebart smykke
tyngt av sorger og hemmelig harm.
Alle har sitt,
stort eller litt,
himlen alene for sorgen er kvitt.

Hvor lett synes du det er å lese denne teksten sammenliknet med den danske fra 2003?

Er noe av meningen lettere å forstå i denne teksten?

Hvilke forskjeller ser du på rettskrivingen i den norske teksten og den danske fra 2003?

4

Salmen står også i svenske salmebøker. Den svenske teksten er oversatt i langt større grad enn den norske teksten. Det vil si at svenske ord brukes i stedet for danske, og noen steder blir også innholdet litt forandret. Fordi det er mindre enn hundre år siden salmen ble oversatt til svensk, er den svenske teksten kanskje litt mer moderne i språket enn den danske og norske? Les de to versene på svensk.

Den svenska psalmboken (1986)

Sorgen och glädjen, de vandrar tillsammans,
medgång och motgång här tätt följes åt.
Skyar med solsken och suckar med gamman
skiftar alltjämt på vår jordiska stråt*.
Jorderiks gull
stoft är och mull.
Himlen allen är av salighet full.

Nyckfull** är lyckan til väsen och tycke.
Sorgen tar säte i konungens barm;
ofta ett bröst under kosteligt smycke
gömmar sin oro och hemliga harm.
Alla har sitt,
hårt eller blitt.
Himlen allena är sorgerna kvitt.

* vei

** uberegnelig

Synes du meningen i versene er lettere eller vanskeligere å få tak i på svensk?

Hvilke ord i den svenske teksten synes du er vanskelige å forstå?

Hva er de mest synlige forskjellene på svensk skrivemåte i forhold til dansk og norsk?

5

Kingo lar ordene «sorg», «glede», «lykke», «ulykke», «medgang» og «motgang» få menneskelige egenskaper. De «vandrer», «kommer på rad» og «roper» på hverandre. Hva kalles det når følelser eller kjennetegn blir gitt menneskelige egenskaper?

Hva tror du en forfatter vil oppnå med å bruke et slikt virkemiddel?

Kingo opplever at det gode og onde skifter i menneskelivet, men hvor mener han at sorgen og gleden ikke skifter?

Uttrykket «Jorderiks gull er prektig mull» trenger kanskje en forklaring. Kingo tenker at alle ting i verden kommer fra jord (muld) og blir til jord igjen. Selv om gull er vakkert (prektig), er det bare en del av jordsmonnet, som alt annet.

Når en sykdom eller en ulykke rammer noen, hender det at andre sier: «Ja, alle har sitt, stort eller litt.» Har du hørt noen bruke dette uttrykket noen gang? Nå vet du i alle fall hvor uttrykket kommer fra.

Dei fyrste skal bli dei siste – forteljinga om arven etter Sigbjørn Obstfelder

Tor Egil Furevikstrand

Hausten 2013 gjennomførte 60 elevar ved Hafstad vidaregåande skule eit prosjekt i modernistisk, nordisk lyrikk. Prosjektet svarar på fylgjande kompetansemål i læreplanen i norsk: «Elevane skal presentere eit utval omsette og originale nordiske tekstar» (Vg3). Denne artikkelen tek utgangspunkt i arbeidet ved Hafstad vgs og forsøker å ramme inn kompetansemålet om nordiske tekstar.

Nordiske tekstar er viktige for nordmenn. Tenk berre på Astrid Lindgren sitt barnlege univers, tenk på visene til Cornelis Vreeswijk, Bjørn Afzelius eller Kim Larsen. Tenk på krimseriar som Forbrytelsen og Broen, tenk på kvinnelege artistar som Björk, Lisa Ekdahl, Melissa Horn eller Hanne Boel. Tenk på svenske band som Cardigans, Bo Kaspers Orkester og Kent. Og ikkje minst «Svantes lykkelige dag» av Benny Andersen som gong etter gong lover at «om lidt er kaffen klar». Nordiske tekstar har ikkje vore like viktige for norsklærarar. Dei nordiske tekstane har ofte vore fyllstoff på leselistene, og utvalet har vore lite. Norske elevar i vidaregåande skule har kanskje lese Hans Adolph Brorson eller Thomas Kingo som døme på salmediktarar, August Strindberg og novella «Ett halvt ark papper», eit eventyr av H.C. Andersen, Karin Boye som slår fast at «Ja visst gør det ont när knoppar brister» og andre lyriske nedslag.

Grenseoppgang

Så med fare for å karikere tekstlesinga av nordiske tekstar; utvalet har i hovudsak vore for knapt og for lite variert. Den reviderte læreplanen av 2013 vil gjere noko med det. Elevar som tek studiespesialiserande utdanningsprogram lyt frå i år av «presentere eit utval omsette og originale nordiske tekstar». Dette kompetansemålet representerer noko nytt, og det reiser spørsmål kring utval og omfang.

Elevane skal presentere tekstar: Kva ligg i ordet presentasjon? Ein presentasjon kan sjølvstøtt vere både munnleg og skriftleg. I munnleg form lyt ein unngå at det blir eit nytt kreativt, skjønnlitterært program, og i skriftleg form bør ein styre unna ein ny variant av det arbeidskrev-

jande fordjupingsemnet – med mindre ein vel å slå saman fleire kompetansemål.

Og spørsmåla blir fort fleire. Det er naturleg å stille spørsmål ved tekstomfang, tidsbruk og vurdering og om elevane skal jobbe individuelt eller saman med andre. Det er difor viktig med ein grenseoppgang kring dette kompetansemålet. Denne artikkelen tek på ingen måte sikte på å teikne kartet ein gong for alle, men kanskje kan undervisningsopplegget som fylgjer, setje ned ein og annan gjerdepåle.

Elevane skal altså presentere eit utval nordiske tekstar¹. Kompetansemålet gir i seg sjølv stor fridom for faglærarar og elevar. Her kan ein sjølv sagt tenkje tekst i vid forstand, og det opnar for nye og originale innslag i norskfaget. Eller ein kan halde seg til meir tradisjonelle tema. Ei slik vinkling er modernistisk, nordisk lyrikk. Korkje modernisme eller lyrikk høyrer til dei enklaste emna i norsk. Begge emna krev mogne elevar som er i stand til å møte motstand i tekstlesinga. Like fullt har lyrikk ei form som eignar seg til presentasjonar, og modernismen kan gje elevane større forståing av kva det vil seie å vere menneske.

Om modernisme

Modernisme er eit sentralt kompetansemål. Rett nok er ordet modernisme ikkje lenger eksplisitt nemnt i læreplanen. I den reviderte planen står det: «Elevane skal analysere, tolke og samanlikne eit utval sentrale norske og nokre internasjonale tekstar frå ulike litterære tradisjonar frå romantikken til i dag, og setje dei inn i ein kulturhistorisk samanheng.» Ordet «litterære tradisjonar» opnar for tolking, men det er naturleg å tenkje seg modernismen som ein av desse tradisjonane. Og modernismen er mangslungen og har mange ismar: symbolisme, ekspresjonisme, futurisme, dadaisme, kubisme, surrealisme og så bortetter. Rett nok er symbolisme og ekspresjonisme sentralt stoff, men eg trur ikkje poenget her er å grave seg ned i dei ulike retningane, men læraren bør heller få fram at det er nokre særtrekk som kjenneteiknar form og innhald i modernistiske tekstar. Mange tidlege modernistar tematiserte tilværet som angstfullt, framandt, meiningslaust og tomt. Dei brukar nye motiv og er skeptiske til det urbane samfunnet som tek form, og dei finn ikkje lenger svar i religionar eller ideologiar. I tillegg splintrar dei den tradisjonelle forma. Ei samanhengande, heilskapleg form kunne ikkje skildre eit tilvære som var alt anna enn harmonisk. Like fullt bør ein ikkje gjere fri form til ein absolutt føresetnad for modernismen. Henrik Wergeland skreiv frie vers; det gjer han ikkje til

modernist. Likeins skreiv Tom Kristensen det strofiske diktet «Angst» i 1932. Tittelen varslar vel i seg sjølv om ein modernistisk tematikk – og tittelen held det han lover.

I nordisk samanheng er modernismen eit interessant emneval. For ein gongs skuld var Noreg tidleg ute litterært sett. I 1890 skreiv Knut Hamsun romanen *Sult* og i 1893 gav Sigbjørn Obstfelder ut diktsamlinga *Digte*. Både Hamsun og Obstfelder vart avantgardar for ein modernistisk, nordisk litteratur. Dei hadde nok europeiske føredøme, men i Norden var dei litterære føregangsmenn. Men den norske, modernistiske dominansen skulle ikkje vare. Etter hundreårskiftet vart dei modernistiske eksperimenter erstatta av meir tradisjonelle straumdrag i Noreg. I grannelanda våre fekk derimot modernismen feste. Sterkast kanskje i krinsen kring tidsskriftet *Ultra* (1922) og diktarar som Elmer Diktonius og Edith Södergran. I Sverige kan ein sjå ekspresjonistiske trekk i diktinga til Pär Lagerkvist, og i Danmark er Johannes V. Jensen, Tom Kristensen og Emil Bønnelycke modernistiske pionerar².

Sjølv om modernismen til ein viss grad låg i dvale i Noreg i mellomkrigstida, finn ein lyrikarar som gjer modernistiske tilnærmingar. I bokmålslyrikken skriv både Rolf Jacobsen, Claes Gill og Emil Boyson seg opp mot modernismen, medan i nynorskkleiren er det særleg Kristoffer Uppdal som blir lesen som ekspresjonist i dag.³ I grannelanda var den modernistiske rørsle sterkare og nådde kanskje eit førebels høgdepunkt i den svenske fyrftotalismen. Det er vanleg å sjå ei kopling mellom svensk fyrftotalisme og det modernistiske gjennombrotet i Noreg. Med diktarar som Gunvor Hofmo og Paal Brekke slår norsk modernisme gjennom for alvor etter 2.verdskrig, og skiljet i nordisk lyrikk blir mindre grannelanda imellom.

Men nettopp det at modernismen utviklar seg ulikt i dei nordiske landa, er interessant i eit norsk-fagleg perspektiv. Perioden 1890-1945 skaper litteraturhistorisk ei naturleg ramme for arbeidet, og det er fruktbart å jamføre nordiske tekstar i denne perioden og sjå korleis den tidlege modernismen hadde ulik progresjon i Norden. Det gir elevane innsikt i modernismen sitt opphav, utvikling og innhald.

Om tekstutvalet

Å sleppe elevane på eiga hand inn i den modernistiske tradisjonen vil ikkje føre fram. Difor er det viktig at faglærar lagar til eit tekstutval som eignar seg. På Hafstad vgs valde vi å inkludere norske tekstar i utvalet. Det opnar for komparative lesingar mellom Noreg og grannespråka, og ein byggjer dessutan bru til Europa. Den norske lyrikaren Sigbjørn Obstfelder forankrar straumdraga frå til dømes den franske

symbolisten Charles Baudelaire, og diktinga til Obsthfelder blir såleis eit naturleg startpunkt for elevane. Det vidare utvalet bør omfamne danske, svensk, finlandssvenske og norske diktarar som var sentrale i den tidlege modernisme, til dømes:

- A. Sigbjørn Obsthfelder: «Jeg ser», Digte , 1893
- B. Sigbjørn Obsthfelder: «Byen», Digte , 1893
- C. Johannes V Jensen: «Interferens», Digte, 1906
- D. Edith Sødergran: «Jag sag ett träd», Dikter, 1916
- E. Edith Sødergran: «Jag», Dikter, 1916
- F. Pär Lagerkvist: «Ångest, ångest er min arvedel», Ångest, 1916
- G. Emil Bønnelycke: "Aarhundredet" fra Asfaltens sange, 1918
- H. Kristoffer Uppdal: "Over eit menneske-torg", Jotunbrunnen, 1925
- I. Tom Kristensen: "Angst", En fribytters ord, 1932
- J. Rolf Jacobsen: "En matt rute", Jord og jern, 1933

Dikta over kan nok seiast å vere representative, men nokså tilfeldige tekstar frå dei ulike forfattarane. Felles for alle er at dei kan koplast mot modernismen, men dei gjer det på litt ulikt vis. Elevane skal velje fem dikt frå lista over som dei skal presentere, men dei må leggje opp minst tre ikkje-norske tekstar.⁴ Dei fleste elevar ynskjer nok å velje tekstar som settar krava til oppgåva, som dei forstår og kan reflektere rundt, og kanskje vel dei tekstar som treffer dei på ein eller annan måte. Strukturen i ei slik oppgåve vil ofte vere av kronologisk og litteraturhistorisk art. Ein meir avansert tilnærming er å sjå på motivisk eller tematisk slektskap mellom dikta. Dei intertekstuelle koplingane mellom forfattarane skal vi la liggje, men det er interessant å sjå korleis elevar ved å setje saman ulike dikt, kan lage ulike, men likeverdige, forteljingar om nordisk modernisme. Døme på slike lesingar kan vere:

- Ei forteling om modernitet: fascinasjon og framandkjensle (A, C, G, H, J)
- Ei forteljing om eit indre, angstfullt landskap (B, D, E, F, I)

Ei forteling om modernitet: fascinasjon og framandkjensle

Denne forteljinga kan starte med Sigbjørn Obsthfelder. Diktet "Jeg ser" er kanonisert skuledikt og såleis ein kjent inngang for elevane. Dei fleste norsklærarar les dette diktet som eit uttrykk for framandkjensle og manglande kontakt mellom menneske blant "høie huse"⁵:

Jeg ser, jeg ser
Jeg er visst kommet på en feil klode!
Her er så underligt

Den framandkjensla som vi finn hjå Obstfelder blir delvis erstatta av fascinasjon hjå enkelte danske lyrikarar. I diktet «Interferens» brukar diktaren Johannes V. Jensen dei moderne tinga som lyriske motiv, men han er framleis ikkje sikker på om det materielle gjer menneska lukkelege:

I Morgen skal jeg konfronteres med Vaskefad, Skohorn,
Tandbørste og hele Historien,
Tobak og Solskin og Tuborg fra Fad.
Og jeg tilstaar:
Enten er dette Topnoteringen af menneskelig Lykke,
ægte efterlignet,
eller det er en dum og sørgelig Fiktion.

Langt sikrare er hans danske kollega, Emil Bønnelycke, når han i 1918 på omfamnar moderniteten i diktet "Aarhundredet". Her nærmar vi oss eit dansk programdikt for futurismen. Slik startar prosadiket til Bønnelycke:

Jeg elsker dig, du gaadefulde Tid, du Seklernes Sekel, der er rig på
aldrig før anede Omskiftelser, rig på Kaos, på Forvirringens Skøn-
hed, Hastighedens Pragt, rig på halsløse Fremskridt, rig på Rædsel,
på en svulmende, morderisk Ouverture, Krigen, hvis Basuner, Ka-
nonerne, og Trommer, Mitrailløserne, forkynder Verdensrevolutio-
nen.

Bønnelycke tek oppgjer med gårsdagens kunst og litteratur, og poetiserer moderniteten med tog og fly, fart og kraft, men meir problematisk: kjærleik til krig og revolusjon. Der Obstfelder fann ei problematisk samtid, finn Bønnelycke moglegheiter i eit kontrastfullt, nytt århundre:

Derfor er du, Århundrede, en gribende kombineret Tid af Skønhed
og Skræk, af Angst og Fryd, af Rædsel og Selvfølgelighed. Menneske-
ne er ligesom blevet bange for sig selv ved Følelsen af at tage Magten
fra Elementerne ... Deres Ringhed har kulmineret i Krigens morde-
riske Morads, og hvor Ringheden kulminerer, begynder en Storhed.
Afmægtige ved Synet af deres uoverskuelige Forvildelser rejste de
sig, retledede af deres Afmagt, oplever deres Genfødselse, vor Tids
Renæssance.

Men det finst modernistiske krefter i Noreg òg. Her sit til dømes dikta-
ren Kristoffer Uppdal og skriv dikt som fører tanken til den finlandss-

venske lyrikaren Edith Södergran, sjølv om dei to forfattarane ikkje visste om kvarandre⁶. Uppdal kjente derimot godt til Sigbjørn Obstfelder. I samband Obstfelder sin død i 1900 skreiv Uppdal til dømes eit hyllingsdikt til Obstfelder⁷. Eit dikt som «Over eit menneske-torg» (1925) er eit bydikt som syner fram slektskapen til Obstfelder. Ein kjenner att framandkjensla:

Ganga di fram
fører deg over eit menneske-torg.
Mange andlet.
Alle slags folk.
Urolege glid dei framum,
i baa leider.
Til det flimrar og skjelv,
og blir som ein dans.

Og som hjå Obstfelder, bryt den menneskelege kontakten saman og blir til ein dans på liv og død. Uppdal poetiserer byen som modernistisk motiv. Det same gjer dikteren Rolf Jacobsen ti år seinare, men Uppdal er ein naturleg stoggestad mellom Obstfelder og Jacobsen.⁸ Sistnemnde har fått mykje merksemd for bydikt som «Signaler» og «Byens metafysikk». I det vesle diktet «En matt rute» blir kontoret på synekdokisk vis ein representant for byen, og gjennom ei matt rute kan kontorarbeidarane skimte sola, himmelen og skyene som noko fjernt. På sjølve kontoret er naturen til stades, men berre som metaforar som demonstrerer distansen mellom natur og kultur:

Mot alle de malte vegger av betong
og mot papirenes sne,
og gjennom skrivemaskinenes stormvær i
rummet
skinner en rute av matt glass
inn mot et lyst, lyst kontor.

Ei forteljing om eit indre, angstfullt landskap Den andre forteljinga startar òg med Sigbjørn Obstfelder. Intertekstuelte kling ”Jeg ser” og ”Byen” godt saman, men der ”Jeg ser” etablerer ei framandkjensle, målar prosadiktet ”Byen” fram angsten i eg-et. Begge dikta skapar ”Skrik”-aktige tekstunivers, men det ekspresjonistiske preget er sterkast i ”Byen”:

Jeg bor i fjeldet. I uger har jeg ikke set et menneske, ikke hørt min egen røst. Jeg hører mig selv tænke, mens tjernet skvulper.

Røde skyer drager forbi. Det mørknes, fjeldvandet blir sort,
lommen skriger.
Der farer en angst igjennem mig. Hvor er de nu alle? Hvad gjør de?
Lever de end nu? Lever mine brødre, menneskene?

Og fjeldet blir pludselig så isnende koldt. Det har intet hjerte.
Obstfelder teiknar her eit velkjent landskap frå diktinga på 1890-talet. Raude skyer, lommen som skrik, mørket og kulda er typiske motiv frå denne perioden, og det antropomorfe fjellandskapet fell naturleg saman med med eg-et som kjenner seg einsam til fjells. Problemet til eg-et er at han heller ikkje finn fellesskap hjå menneska i byen, og det han ser der, vekkjer stadig angst i han: ”Angst løber jeg videre. [...] Og jeg blir mer og mer angst.”

Denne angstkjensla er typisk for den tidlege modernismen. Den svenske forfattaren Pär Lagerkvist poetiserer dette i diktet ”Ångest, ångest er min arvedel” frå samlinga som treffande nok heitte Ångest (1916). Her konstanterer Lagerkvist at angsten er arveleg, og han teiknar deretter eit indre landskap som er like beksvart og livlaust som Mordor, Saurons rike, i Ringdrotten:

Ack, mina naglar sliter jag från fingrarna,
mina händer river jag såriga, ömma
mot berg och mörknad skog,
mot himlens svarta järn
och mot den kalla jorden!

I same år som Lagerkvist gir ut Ångest, publiserer den finlandsvenske lyrikaren Edith Södergran diktsamlinga Digte. Södergran blir ikkje ei gamal kvinne, men ho rekk å setje varig spor etter seg og står kanskje att som den fremste lyrikaren blant tidleg-modernistane i Norden. Ho var utprega ekspresjonistisk i si dikting, og viss jorda ikkje strekte til, så gjekk ho gjerne til fots i himmelrommet. Men ikkje alltid. Av og til er trea for høge, som i «Jag»:

Här ligger jag på lur vid det susande trädets fot,
hur skall jag komma upp för de hala stammarna?
Däruppe mötas de raglande kronorna,
där vill jag sitta och speja ut
efter röken ur mitt hemlands skorstenar...

Det lyriske eg-et er godt synleg i diktinga til Södergran. Titlar som ”Jag” stadfestar jo det. Det same gjeld ”Jåg såg ett träd”. I denne teksten

er det interessant å observere korleis anaforen "[j]ag såg" blir repetert på eit vis som minner om "[j]eg ser" hjå Obstfelder. Blikket til eg-et flyttar seg frå "ett tråd", via "en stor kyrka" og til en "kvinna", men menneska som er til stades finn inga lukke.

Det gjer heller ikkje eg-et i Tom Kristensen sitt dikt "Angst". Sjølv om dette diktet har tradisjonell form, strøymer det over av redsel, død og undergang. Omfanget av angsten blir skildra som "asiatisk". Men i tillegg til å vere stor og framand, er angsten destruktiv og blir forløyst gjennom katastrofar og, til sist, dommedag:

Jeg har længtes mod brændende Byer
og mod Menneskeracer på Flugt,
mod et Opbrud, som ramte Alverden,
og et Jordskælv, som kaldtes Guds Tugt

Både moderniteten og angsten er frekvente som poetiske motiv òg etter 2. verdskrig. Kanskje kulminerer desse to linjene i Tarjei Vesaas si novelle «Fall» frå Vindane i 1952. Her sklir toget og det angstfulle eg-et saman i eit uhyggeleg tospann, og novella sluttar på terskelen mellom liv og død – men det er ei anna historie.

Om metoden

Dette prosjektet kan verke ambisiøst, men det kan la seg gjennomføre på ei veke (6 timar):

1. Forelesing om modernistisk, nordisk lyrikk – litteraturhistorie og kjenneteikn (45 minutt)
2. Tekstlesing – nokre modernistiske nedslag (90 minutt):
 - a. «Dagen svalnar...» av Edith Södergran
 - b. «Paa Memphis Station» av Johannes V. Jensen
 - c. «Ja visst gör det ont» av Karin Boye
 - d. «Signaler» av Rolf Jacobsen
 - e. «Flyktende ungdom» av Claes Gill
3. Utlevering av tekstutval. To arbeidsøker á 90 minutt.
4. Innlesing og eigenvurdering (45 minutt)

Elevane treng sjølv sagt ei teoretisk innføring. Dei må innsikt i kva som er typisk for modernismen, eit litteraturhistorisk riss og ha kjennskap til nokre sentrale diktarar. Deretter lyt ein nærlese nokre typisk tekstar frå perioden. Å lese danske tekstar er bortimot problemfritt for elevane, men dei har større vanskar med svensk. Her byr ordvalet på pro-

blem. Hjä Södergran er «molnen» eit viktig ord, men at det betyr «skyer» er ikkje så enkelt å tenkje seg til. Når elevane får tekstutvalet, treng dei difor ein del hjelp med å omsetje dei svenske tekstane. Til liks har dei vanskar med å avkode ä-en i eit ord som «tråd». Elevane les «tråd» i staden for «tre». Det er difor viktig å trene på uttalen av grafema «ä» og «ö».

Når elevane får utlevert tekstutvalet, kan dei til dømes jobbe i to økter med stoffet. Etter at dei har lese tekstane og fått forklart vanskelege ord, så skal dei velje kva tekstar dei vil leggje opp. Elevane kan vektleggje dei valde dikta ulikt, men to av dikta skal nærlesast. Eit korrekt fagspråk er eit krav til presentasjonen. Eit godt svar får fram modernistiske trekk ved dei vedlagde tekstane. Elevane kan trekkje inn biografisk stoff om forfatternen viss det er relevant. Under arbeidet med tekstane jobbar elevane enkeltvis eller i små grupper. Faglærarar rettleiar og hjelper elevane til å assosiere rundt vanskeleg motiv og reflektere rundt tematikk.

Om produktet

Det endelege produktet skal vere ei innlesing. Det er ei lydfil som elevane har spela inn ved hjelp av headset. Lengda på lydfila bør vere om lag 10-12 minutt, og elevane må ha ein klar struktur i innlesinga. Ein bør stille retoriske krav til sjølve innlesinga, og det skal vere tekstane, ikkje ymse kjelder, som styrer lesinga. Elevane får utlevert eit skjema som syner kva krav ein stiller:

VURDERINGS- OG RESPONSSKJEMA – NORSK MUNNLEG: TOLKING - Elev:		
TEKSTKOMPETANSE: SVAK 1-2 - mangelfull tekstforståing og/eller - mangelfull litteraturhistorisk innsikt og/eller - ser lite av dei språklege verkemidla og/eller - lite bruk av fagspråk og heilskaplege beskrivingar	MIDDELS 3-4 - bra tekstforståing og/eller - noko litteraturhistorisk innsikt og/eller - peikar på nokre språklege verkemiddel og/eller - bruker noko fagspråk og kan til ein viss grad gi heilskaplege beskrivingar	OVER MIDDELS 5-6 - god tekstforståing - god litteraturhistorisk innsikt - gjer godt greie for språklege verkemiddel - bruker fagspråk og kan gi heilskaplege beskrivingar
FRAMFØRING (ACTIO): SVAK - mangelfull tidsdisposisjon og struktur og/eller - manglar i volum, tempo og bruk av pausar og/eller - uklar diksjon, vanskeleg å oppfatte og/eller - einsformig stemmebruk, preg av monoton opplesing	MIDDELS - rimeleg bra tidsdisposisjon og struktur og/eller - stort sett høveleg volum, tempo og pausebruk og/el. - for det meste klar diksjon og/eller - varierer stemmebruken noko	OVER MIDDELS - god tidsdisposisjon og struktur - høveleg volum, tempo og pausebruk - klar diksjon - variert stemmebruk (stemmemodulering)
Lærar: karakter: Grunngeving:		

Slik spelar du inn lyd digitalt:

Elevane får utlevert eit hovudsett. Dei koplar dette til datamaskin via USB-inngangen. Vanlegvis vil PC-en kople til hovudsettet automatisk, men i enkelte tilfelle må elevane starte maskina på ny. Det kan vere at elevane må velje hovudsettet som standarddeining for avspeling og innspeling av lyd.

Elevane spelar inn lyd. Det kan gjerast direkte i LMS-et (til dømes Fronter eller It's Learning). Alternativt kan elevane bruke ulike lydinnspelingsprogram for å gjere opptaket. Den enklaste varianten er «Lydinnspilling», som er eit standardprogram i Windows. Elevane spelar inn teksten og lagrar lydfila. Elevane må deretter laste fila opp i LMS-et som dei brukar.

Faglærar opnar deretter fila i LMS-et og høyrer gjennom opptaket. Det kan vere lurt å lage ei momentliste på førehand som læraren kan bruke som mal. Læraren kryssar deretter av i vurderingsskjemaet og gir karakter og framovermelding.

Skjemaet over skil mellom to hovudkomponentar: tekstkompetanse og framføring. Vektinga mellom desse kan diskuterast. Tanken er at tekstkompetansen skal vege tyngst, men svaret må vurderast heilskapleg til slutt. Skjemaet blir brukt til sensur. Faglærarar uthevar kva måloppnåing eleven har og skriv til slutt ei grunngjeving for karakteren.

Målet med prosjektet er altså at kvar elev skal produsere ein munnleg tekst som syner faglegheit, analytisk evne, har god struktur og gir ei heilskapleg framstilling. Teksten må framførast i eit presist språk og på ein engasjert måte. Innlesinga syner såleis at elevane har tekstkunne og kan flette inn sentrale omgrep frå norskfaget. På nettsidene til Fagbokforlaget kan du høyre døme på innlesingar frå elevar.

Ein nordisk stafett?

Grannelanda i Norden likar godt å tevla i idrett, og kanskje kan ein sjå på den modernistiske frammarsjen som ein slags stafett. Sigbjørn Obstfelder tok imot stafettpinnen frå Europa tidleg på 1890-talet, men det vart kluss i vekslinga, og grannelanda tok over stafettpinnen. I Bibelen står det at dei fyrste skal bli dei siste. Noreg var fyrst ute, men enda sist. Noreg var fyrst på bana igjen etter 2. verdskrig. Kven som vann til slutt, seier soga ingenting om – og det er eigentleg ikkje så interessant. Biletet er sjeldan så eintydig som ein trur, og framstillinga av den nordiske modernismen er sjølv sagt ein forenkla versjon, ei fortelling, men elevar treng det. Modernismen er vanskeleg nok i seg sjølv.

-
- 1 Tekstutvalet og den modernistiske framstillinga kvilar i denne artikkelen på professor Idar Stegane sitt kurs, Modernistisk lyrikk, som eg tok på UiB våren 2003.
 - 2 Torben Brostrøm gir ei god innføring i artikkelen «Modernismens gjennombrud i nordisk litteratur» i A. Lien (red.): Modernismen i skandinavisk litteratur som historisk fenomen og teoretisk problem, Trondheim 1991.
 - 3 Tidlegare professor ved UiB, Asbjørn Aarseth, skreiv om norsk modernisme i artikkelen «The modes of Norwegian Modernism» i J. garton (ed.) Facets og European Modernism. Essays in honour of James McFarlane..., Norwich 1985.
 - 4 Både tekstutvalet og metoden har vorte noko revidert etter dei røynslene som vi gjorde oss. Det er den reviderte versjonen eg her legg fram.
 - 5 Erling Aadland argumenterer rett nok i artikkelen «Kva er metapoesi» (Norsklæraren, nr. 5 1997) for at «Jeg ser» er eit metadikt som poetiserer den undringa som skaper diktning.
 - 6 Idar Stegane i Modernisme i nordisk lyrikk (Kultur og kritikk i Norden, 3), Hadle Oftedal Andersen (red.) / Idar Stegane (red.), 2005.
 - 7 «Sigbjørn Obstfelder» prenta i Åt songa te stjernom. Etterlatne dikt. Red: Jan Erik Vold, 2005
 - 8 Lyrikaren Jan Erik Vold skriv om dette i artikkelen «Bydikt lagret i 25 år», som stod på trykk i Morgonbladet, 28. oktober, 2005.

-
- Idéen til dette skriftet kom frå Språkrådets Fagråd for skole og offentleg forvaltning, og skriftet er meint til inspirasjon og hjelp til lærarar som skal undervise i nabospråk. Nokre artikkelar gir bakgrunnsstoff og nokre kan brukast direkte i undervisning som dei er. Utgangspunktet er læreplanen i norsk og målgruppa er norsklærarar på ungsomssteget og i vidaregåande skule. Håpet er at mange finn noko her som kan vere nyttig. Vi har også teke med nokre lenker til fleire ressursar og innhald til vidare lesing og meir avanserte opplegg. Særleg vil vi vise til moglegheitane på nettstaden Norden i skolen (<http://nordeniskolen.org>).

Skriftet er også tilgjengeleg på Språkrådets nettsider:
<http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Skole/>